


OPTIKK VOLDA

Tlf. 70 07 70 19

Holmen 7, 6100 Volda
(Vi har flytta til Holmen 7 ved Spinneriet)

**Lat oss undersøke
synet ditt**

VI KAN:

- Synsundersøkelser • Brillor
- Kontaktlinser • Glass
- Solbriller m/styrke



HAVBLIKK OPTIKK

Tlf. 70 01 34 34

Sjøgt. 3 - Ulsteinvik

Regionavisa

Det beste i livet er **GRATIS!**

14. november 2012

Kl 08-20 **Kjøkkentorsdag**
Vi prosjekterer, leverer og monterer!

 **dalevindu.no**
VINDU & INTERIØR Ivar Aasengt. 18, 6150 ØRSTA
Tlf. 70 07 44 99 - epost: info@dalevindu.no



» Eg var aller best på å få gule kort!

Side 26-30

PREMIEREDAGER!

Pris fra **251.000,-**



NYE MOKKA

HELT NY OPEL. HELT NYE VENNER.

Premieredager på nye Opel Mokka hos din Opel-forhandler 15.-30. november

Delta i vår store Facebook-konkurranse Fyll OPP BILEN og du kan vinne en ny Opel Mokka.

5 års garan

Bil & Gummiservice
www.bilgum.no - 6150 ØRSTA.
Telefon: 700 47 800. 08.00-17.00, lør. 09.00-14.00

www.opel.no - Følg oss på  www.facebook.com/OpelNO
Co2 utslipp fra 116 g/km, 4,5 l/100 km. Gjelder drivstofforbruk og utslipp blandet kjøring. Euro 5. Pris lev. Ørsta. Avbildet bil kan ha ekstrautstyr. Importør Opel Norge AS.


Wir leben Autos.



Tek vare på fortida

– Det har tatt heilt av, seier Steinar Hilde (45) som har gjort levebrød av å digitalisere gamal film.

No har han inngått ein intensjonsavtale med fylkesarkivet i Sogn og Fjordane om å digitalisere filmarkivet, og i tillegg er planen å lage ein lokalhistorisk dokumentarfilm frå Innvik.

Han får inn alle typar film frå heile landet til sine lokaler i ein ombygd fjøs i Innvik i Stryn. Oslo er største treffstaden på heimesida, etter heimfylket.

– Det handlar om å ta vare på fortida for framtida, seier Steinar Hilde bak firmaet sitt Filmdigitalisering AS i Innvik i Nordfjord.

Den tidlegare mjølkebonden har gjort forretning og levebrød av å digitalisere gamle analoge filmformat som folk flest ikkje har utstyr til å spele av. Hilde har no utstyr og kunnskap til å digitalisere alt frå gamle 8- og 16- millimeter filmopptak til Betamax-innspelningar over til USB minne, eller ekstern harddisk. Kort forklart kan du sjå opptak som bestefaren din gjorde for 60 år sidan på data eller TV i HD-kvalitet.

Følge Hilde er det enorme mengder slik film der ute som folk ikkje får sett. Etter at han var med i eit Noreg Rundt program på NRK i mai, har det teke heilt av.

– I fjor og i år har det vore fullt opp å gjere. Marknaden verker umetteleg, fortel han.

Unike opptak

– Kva slags filmar får du inn?

– Det er alt mogleg. Det er mest gamle opptak på 8-millimeter smalfilm. Her er alt frå barnedåp, bursdagar, konfirmasjonar og brullaup, til at nokon tek sine første skritt. Det er også filmopptak frå arbeidsplassar i by og bygd på 60- og 70-talet. Ein film eg fekk inn viste eit opptak frå ein ferietur i Berlin i 1933, akkurat då nazistane tok over makta. Det er heilt spesielt å sjå, fortel Hilde.

Han fortel om kundar som ofte får sterke reaksjonar når dei ser opptak dei ikkje har sett før.

– Det blir ofte nokre tårer. Når godt vaksne folk ser opptak av seg sjølv på kjøkgolv som liten, eller ser foreldra og besteforeldre sine som unge. Det kan vekke sterke følelser, fortel Hilde.

Nisje

– Så vidt eg veit, så er vi einaste firma i landet som arbeider med digitalisering av lyd og film på heiltid, seier Hilde. Han har merka at han driv det ein kan kalle ei nisjebedrift.

– Ei dame ringte meg å sa at ho hadde leita etter meg i ti år. Ho hadde masse gamle filmrullar i ei kasse på loftet som ho ikkje visste kva var. Det var godt å kunne hjelpe, fortel han.

– Dette krev vel heilt spesielle maskiner?

– Ja, eg kan love deg at maskiner som til dømes VCR har vore vanskeleg å få tak i. Maskinene har eg fått frå Nederland, Tyskland, Frankrike og USA. Dei fleste slike maskiner er for lengst kasta. Nokre av maskinene vart ikkje produsert i meir enn eitt år, utviklinga har vore formidabel, fortel Hilde.

Så langt skal han ha nytta inntektene sine til å skaffe seg meir og betre utstyr.

– Eg kan ta imot det aller meste av gamal film no, seier han.

Allergi

Hilde er sjølvlærd. Han begynte å jobbe med digitalisering allereie i 2000. På dette tidspunktet var han mjølkebonde med allergi mot dyr og støv. Etter kvart tok digitaliseringa meir og meir over. Allergien sette til slutt stopp for den tradisjonelle gardsdrifta. Då var det greitt å vere med i samdrift, så andre kunne overta det arbeidet.

– Allereie på 80-talet dreiv eg og pusla med video og slikt. Det har liksom gått slag i slag. På 2000-talet tok eg til å digitalisere mine egne filmar, seier Hilde.

I 2010 byrja det å ta av. I 2011 var auken formidabel, og i 2012 bygde han studio i den gamle driftsbygningen på garden, og skapte seg ein heiltidsarbeidsplass.

– For historielag bør mykje av dette materialet vere svært interessant. Det er unike skattar. Filmdigitalisering AS har planer om å få til ein historisk dokumentarfilm i heimbygda. Dette vil vekke gamle minner i folk, og fortelje historia om bygda for etterkommarane. Historielag og andre lag i bygd og by, bør sørge for å gjere det same. Det er viktig å samle informasjonen før den generasjonen som husker historia, og veit korleis ein smalfilm ser ut endå lever. På denne måten kan ein ta vare på lokalhistorie med film, som elles kanskje aldri ville bli oppdaga, seier Hilde.

GAMALT TIL NYTT: Dagleg leiar Steinar Hilde (t.h.) saman med Lincoln Telford, som er medarbeider på utanlandsinnkjøp, og dataservice for Filmdigitalisering AS.



Regionavisa

Det beste i livet er GRATIS!

www.regionavisa.no
tips@regionavisa.no
annonser@regionavisa.no

Redaksjon



Redaktør/Dagleg leiar
Hugo Antonsen
hugo@regionavisa.no
Tlf.: 917 38 587



Deskmedarbeider
Daniel Osnes
daniel@regionavisa.no
Tlf.: 7000 9660



Journalist
Roger Oldeide
roger@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 635

Salg/marknad



Salgssjef
Line Urke
line@regionavisa.no
Tlf.: 911 17 530



Produksjonsleiar
Gunlaug Kleppe
annonser@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 634




Markedskonsulent
Gunn Homberset
gunn@regionavisa.no
Tlf.: 458 65 620



Markedskonsulent
Kari H. Berge
kari@regionavisa.no
Tlf.: 934 19 538



Annonsekonsulent
Sol-Gitte Veiseth
sol@regionavisa.no
Tlf.: 7000 9660



Annonsekonsulent
Anniken Nerland
anniken@regionavisa.no
Tlf.: 462 80 282



Prosjektmedarbeider
Richard Vattøy
richard@regionavisa.no
Tlf.: 7000 9660



Kontor og adm.
Hildegunn O. Haugen
hildegunn@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 633

Lay Out/sats: Regionavisa

Trykk: Polaris Trykk Ålesund AS

Opplag: 24.000

Distribusjon: Nordvest Distribusjon

Postadr.: P.b. 424, 6067 Ulsteinvik

Besøksadr.: Stålhaugen 10

Telefon: 70 00 96 60 Telefaks: 70 00 96 70

Ørsta-kontoret, besøksadresse: Sæbø

Telefon: 458 65 620

10 kommuner
KVAR ONSDAG
Hareid, Herøy, Sande,
Ulstein, Volda, Ørsta,
Vanylven, Eid, Stryn, Hornindal

© 2012 Nye Regionavisa AS

Hundre år med framdrift i Volda

Onkelen min Johan K. Haddal minnst godt då han som ung gut var med bestefaren sin Karl Vadøy som fiskar vintoren i 1947. I fiskeskøyta «Vadøy» frå Bremanger i Sogn og Fjordane sto det ein Voldamotor, og han kan godt huske at onklane hans og bestefaren likte motoren godt. Og det var sikkert grunnen til at motor nummer to i skøyta også blei ein Voldamotor.

Når bestefaren kom til Haddal med skøyta, så var det fordi han også skulle ein tur til Volda for å få vedlikehald og ettersyn med motoren.

Det er kanskje ikkje maritim industri ein tenker først på når nokon seier Volda, men i skulebygda ligg faktisk ei av dei eldste maritime bedriftene på Sunnmøre. Scana Volda/ Volda mek. er hundre år i 2013, og i det høvet har journalist Svein Aam samla historia om verksemda mellom to permar. Boka med tittelen «Framdrift - frå Voldamotor til gir og propell» er som forfattaren sjølv skriv i for-

det, ei fortelling som kan gi svar på kva som har skapt det maritime industrieventyret på Sunnmøre.

Svein Aam skriv lett og forteljande og boka er rikt illustrert med gode bilete heilt frå den første tida.

På Årsetøya i Austefjorden i Volda var det fiskeri og gardsdrift som var levebrødet, og då den 12 år gamle Ola Årsetøy i 1904 høyrde ein kakkande lyd som han ikkje kjende, så blei den oppvakte guten snart klar over kva det var. Det var ein motor, det hadde han høyrte faren snakke om. Han la i veg over isen til Skorneset, men då han kom fram var kakkelyden vekk. Karl Johan frå Leikong hadde ei motorisert frakteskute, og no var motoren stoppa, medan dei fekk på land silda. Men Ola og dei andre gutane var ikkje interessert i silda.

– Kan du ikkje starte opp, ropte dei til frakteskipperen.

– Ikkje før vi er ferdige, kauka skipperen tilbake, og så var det berre å vente til motoren gjekk.

Ola Årsetøy eller «Bolder Ola» som han blei kalla, skulle bli ein viktig kar for utviklinga av Voldamotoren. Ein motorfabrikk kunne ikkje greie seg utan ein smed, som kunne smi dei viktige delane til motoren. Ola hadde passa motoren på fiskebåten til

faren, og han hadde lært mykje.

Berre 23 år gamal blei Ola tilsett ved Voldens Mek. Verkstad, som smed og reparatør. Han hadde plukka litt kunnskap her og der, og han var av den typen som instinktivt forsto kva som måtte til for å få ein motor til å gå. Namnet fekk han fordi det buldra og braka i smia hans alltid, og han var støtt svart i andletet.

Men det var likevel ein mann frå tjukkaste innlandet, Nils Evensen



KNUT ARNE HØYVIK

frå Romedal på Hadeland som også skulle spele ei viktig rolle. Han kom til Volda, der han grunnla Møre Støberi i 1903/04 saman med fleire andre. Det første støyperiet mellom Stavanger og Trondheim.

Og saman med med Lars L. Høidal og Laurits Finnøy som hadde bakgrunn frå Finnøy motorfabrikk så blei Voldens Mek. Verkstad skipa i 1913. Lars Høidal hadde gått teknisk skule og var

berre 23 år då han blei disponent i bedrifta. Det gjekk godt første tida, men i 1924 gjekk verksemda konkurs. I 1928 blei verksemda starta opp i att, no eigd av arbeidarane. Det var pågangsmot i Volda, men verksemda heldt på å bli fusjonert med Heimdal motorfabrikk i Molde, men då dei krevde at fabrikkjen skulle flyttast til Molde nekta voldingane, og med eit naudskrik greidde dei å samle nok kapital til å starte igjen.

På mange måtar blei dei berga av eit rekordår for fiskarane i 1929.

Verksemda var faktisk eigd av arbeidarane fram til Scana overtok i 1998.

På 1960-talet blei motorproduksjon bytta ut med produksjon av gir- og propellanlegg, og i dag er Scana Volda AS i verdstoppen innan gir- og propellanlegg til offshore- og fiskeflåten.

Det som går som ein raud tråd i historia er alle dei tekniske genia frå grendene som med innsikt og praktisk vit utvikla produkta med få hjelpemidlar.

Og det ei lang reise frå Årsetøya til Rio i Brasil, der verksemda i dag har eit av sine internasjonale kontor.

Ei spennande industrihistorie!

PARTY!

Koseleg, liten butikk med det flotte utvalet til kvardag og fest!

Kom inn i kjellaren og sjå!

I underetasjen på Krukkehuset i Ulsteinvik

Besøk oss på Facebook

Tlf. 970 85 885/70 01 51 88

Man-ons 11.00-16.30
Torsdag 11.00-18.00
Fredag 11.00-16.30
Laurdag 11.00-15.00

STILIG ELLER TØFFT
VI HAR DET!



**FORTSATT NOEN
CUPFINALEBILLETTER
LEDIG!**

HØDD I CUPFINALEN 2012

Bli med Regionavisa til Oslo for å hjelpe Hødd til
å vinne Cupfinalen **24. - 25. november 2012**

Vi reiser fra Ulsteinvik lørdag om morgenen og ankommer Oslo ca klokken 14.00. Da har vi hele lørdag ettermiddag og kveld til å varme opp til søndagens cupfinale.

Vi bor på samme hotell som Hødd, på et av Oslos flotteste hotell, midt i sentrum; Radisson Plaza!

Program:

Lørdag: Avreise fra Ulsteinvik om morgenen. Kl 14.00 ankomst Oslo, og innsjekk hotell.

Søndag: Frokost på hotellet. Kl 11.00 avreise fra hotellet til Ullevål Stadion. Etter kampslutt retur til Ulsteinvik.

Cupfinalebillett:

kr 400,- i tillegg til pakkeprisen

Pakkepris:

Kr. 2850,- per person i delt dbl.rom
Kr. 1700,- for barn under 16 år som deler rom med to betalende voksne

Tillegg:

Enkeltrom kr. 800,-

Pakken inneholder:

Transport Ulsteinvik - Oslo t/r.
Transport Oslo sentrum til Ullevål Stadion.

En natt på hotell med frokost
Supportersjal Hødd.

Regionavisa
Det beste i livet er **GRATIS!**

Påmelding på www.uniktravel.no
For mer informasjon ring tlf **38 12 79 00**
eller send e-post til reise@uniktravel.no

Unik Travel 

www.uniktravel.no

REISEGARANTIFOND
RGF
-rgf.no



Volda 1906. Ute på fjorden ser vi «Harald Haarfagre» til venstre og «Norge» til høgre.
FOTO: BERTHA BARSTAD.

Fløtebesøk i Volda

I samband med kongekroninga i 1906 var det mange krigsskip, både norske og utanlandske, som passerte langs kysten her. Dei to norske panserskipa «Harald Haarfagre» og «Norge» tok på vegen nordover til Trondheim også ein svipptur innom Volda.

I «Møre» for 16. juni dette året blir denne korte visitten skildra slik: «Sjeldent besøg har Volden i dag idet panserskibene «Harald Haarfagre» og «Norge» ligger opankrede paa Øiralandsvigen. De kom inat og skal afsted igjen vistnok ikveld. De har nok havt moro af at tage en liden afstikker ind fjorden her på sin tur nordover for at ledsage kongen på kroningsreisen.»

Men dei voldingane som ville hylle dei kongelege, måtte sjølve ta ein avstikker – til Molde. Same kvelden som panserskipa

forlét Volda, tok «Møringen» laust med mange som ville sjå kongen på nært hald. Voldingane var ikkje åleine. I Molde var det samla båtar frå heile Sunnmøre og Romsdal. Og «Møringen» var slett ikkje «kleinast å sjå til av skipi. Han var fint påpynta med bjørkelauv og kransar og hadde i motsetning til mange av dei andre skipi reine flagg og signalar. Og so hadde han noko framum dei andre: eit stort vakkert helsingflagg til kongen på bauen med tydeleg innskreve: Leve Håkon, Maud, Olav.»



JOHAN OTTESEN

God mat gjennom 25 år

Café Nova

Juletallerken kr 260,-
Ulsteinviks beste og billegaste!

Tlf. 70 01 18 28/957 03 043 www.cafe-nova.no

11 mm Veggplater	138,- pr. plate	Impra vegg og tak maling		279,- Pr. 10 liter
Kupp! 6 mm Veggplater NO!	118,- pr. plate			

Opningstider 9-17 (10-15)

PARKETT - TAPET - FLIS - GARDINER

6065 Ulsteinvik
Tlf. 70 01 02 20. Fax 70 01 16 66

HATLOYS
Målarforretning

**INTERSPORT**

KICK OFF FOR JULEHANDELEN!



Hele
butikken!

+20-50%

Kun onsdag
og torsdag!

Ill. bilder

INTERSPORT Straumane Tlf. 40 00 70 75
INTERSPORT Ørsta Tlf. 45 48 72 00

**INTERSPORT**

BLÅ
HUSETULSTEINVIK
922 41 510

An Chri
Apotek 1 Ulstein
Best Fashion
Bianco
Bjørklund
Coop Mega
Elkjøp
Føhnix Frisør
Glitter
Intersport
Lindex
Mester Grønn
Nille
Notabene
Parfymelle
Princess
Røyset sko
Sunkost
Sunt & Nam
Tilbords
Valaker Bakeri
Vinmonopolet

10-19
Laurdag:
10-16Coop Mega
9-21
Laurdag
9-20Apotek 1 Ulstein
9-17
Laurdag
10-15Vinmonopolet
10-16.30
Fredag
10-18
Laurdag
10-15coop
megaDistriktets
flottaste
ferskvareavdeling!SUPERGOD
Pepperkakedeig

450 g sukker
750 g lys sirup
3 g hvit pepper
15 g ingefær
15 g kanel
3 g nellik
1 dl kremfløte
15 g natron
375 g meierismør
3 egg
1 800 g hvetemel

Varm opp sukker, krydder og sirup i ein kjele til det kokar. Ta av varmen, og rør inn fløte, natron og smør. Ha over i kjøkkenmaskin og tilsett mjøl og egg. Pakk deigen i plastikk, og la den kvile i kjøleskap over natta.

Framgangsmåte:

La deiga temperere seg til romtemperatur før bruk. Kjevle deigen ut på ein benk med mjøl. Stikk ut kakene og legg dei på bakepapir på steikebrett. Variér tjukkelse: 2-3 mm på små hjarter og figurar, litt tjukkare på dekorhjerter til vindu eller delar til pepperkakehus. Store figurar bør skjerast ut på plata, slik at de ikkje "dreg" seg. Steik kakene på 180° C i 6-8 minutt. Avkjøl på rist.

KJEMPETILBUD TIL
JULEBAKSTENVi har alt til
huspyntinga!

Hvetemel

2x3 kg



Kun 2990

-40% PÅ ALL FRUKT & BÆR
FREDAG OG LAURDAG

Ikkje fornøgd?

Ny matvare eller pengane
tilbake - heilt enkelt!
Husk kvittering!

KENWOOD

Listen to the Future

Kjøkken-
maskinMajor Classic KM630,
900W, 6,7 liter bolle

Så langt lageret rekk

Kun 999,-



Ulsteinvik - 09 - 21 (20)

Barnas dag!



Laurdag 17. november frå kl. **12**

**Kom å pynt våre pepperkakehus
- spis så mykje godteri du klarer!**



Kjøp lunsj frå Coka Cola på



frå onsd. 14. - laurd. 17. nov.

Ver med i trekning av cupfinalebillettar



Blåhuset
Kjøpesenter



**BLÅ
HUSET**

ULSTEINVIK
922 41 510

- An Chri
- Apotek 1 Ulstein
- Best Fashion
- Bianco
- Bjørklund
- Coop Mega
- Elkjøp
- Føhnix Frisør
- Glitter
- Intersport
- Lindex
- Mester Grønn
- Nille
- Notabene
- Parfymelle
- Princess
- Røyset sko
- Sunkost
- Sunt & Nam
- Tilbords
- Valaker Bakeri
- Vinmonopolet

**Fotballspel
på golvet!**

Kom og prøv!

Hello Kitty i 2. etg.

Sjørøvarskuta i 1. etg.

**Møt våre populære
figurar!**

Frå kl. 12

**Peter og
Nadia Demirov
m/musikalske born**

kl 12

**10-19
Laurdag:
10-16**

**Coop Mega
9-21
Laurdag
9-20**

**Apotek 1 Ulstein
9-17
Laurdag
10-15**

**Vinmonopolet
10-16.30
Fredag
10-18
Laurdag
10-15**

TILBORDS®

LINDEX

PARFYMELE

INTERSPORT®

RØYSET SKO

VINMONOPOLET

22 butikkar - Det du treng - når du treng - Blåhuset!

Mester Grønn

ELKJØP

APOTEK 1
Vår kunnskap - din trygghet
Apotek 1 Ulstein,

Glitter

Føhnix
DAME OG HERREFRISØR

PRINCESS®

An Chri AS

best fashion
ONLY VERO MODA

nille

Sunkost

NOTABENE

BIANCO.®
FOOTWEAR

B BJØRKLUND

Sunt & Nam

coop mega

Valaker
BAKERI & KONDITORI



POPULÆRE: Det blir truleg ekstraframsyning av Ylvis på Sjøborg i Ulsteinvik. Framsyninga av "YLVIS 4" 6. februar vart utselt på eit døgn.

Utseld på ein dag



YLVIS gjestar Ulsteinvik og Sjøborg 6. februar. Eit drygt døgn etter at billettane vart lagt ut var alle billettane selde. Ein arbeider no med å få på plass ekstraforestilling av showet "Ylvis 4".

Brørne Ylvisåker gjesta Ulsteinvik sist i 2008, då fylte dei Sjøborg to gonger. Dei kan no gjenta bedrifta. På litt over eit døgn var alle dei 468 billettane til "Ylvis 4" selde. Kulturhuset Sjøborg jobbar no med å sette opp ekstraframsyning av showet. Så snart dette eventuelt er på plass vil det


bli lagt ut på Sjøborg si nettside, melder kultursjef i Ulstein kommune, Leif Ringstad.

Brørne Vegard og Bård Ylvisåker, kjent som YLVIS, har allereie fått ein unik posisjon i den norske underholdningsbransjen. Dei to unge karane starta karrieren sin i 2000 med den kritikarrote framsyninga "Ylvis – en kabaret". Like bra gjekk det med "Ylvis – en konsert". Brørne heldt fram med mellom anna programserien "Norges Herligste", "Ylvis møter veggen" og "Hvem kan slå Ylvis". For tida er dei aktuell med talkshowet "I kveld med Ylvis" på TVNorge.

Laurdag 2. februar opptre duoet i Samfunnshallen i Måløy.

Tid: 2.-6. februar
Stad: Samfunnshallen, Måløy og Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik

I tillegg er det mange spennande artistar som kan vere på ved til Sjøborg kulturhus i Ulsteinvik i vinter. Vi nevner Jan Eggum/Halvdan Sivertsen og Sivert Høyem, show med Anne Kath Herland, Raske Menn og dei "lokale" Margot og Leif Per.



Raske Menn.




Sivert Høyem.
FOTO: SIMON SKREDDERNE



Anne Kat Herland.
FOTO: TARJEI KROGH



Jan Eggum og Halvdan Sivertsen.



NY RESTAURANT

opnar torsdag
22. november



Velkomen til vårt
INDISK KJØKKEN!



KOM OG PRØV
VÅR DELIGE MAT!

Vi serverer indisk, kinesisk og vestlig mat. 70 sitteplassar, alle rettigheter. Passar til barnedåp, bryllaup m.m.



Alle som spiser ved vår restaurant ifram til 23. desember er med i trekningen av et kombi-kjøleskap!

VINN FINALEBILLETT
Spel bowling fram til 21. november og bli med i trekninga av 2 cupfinalebilletter!



TILBOD:
Betal kun kr 110, og spel så mykje du vil kvar søndag i heile november!

- Familiebowling
- Firmabowling (trivselserie)
- Drop-in Bowling
- Happy Hours
- Klubb/Turnering
- Ungdomstilbod u/18 år
- Arrangement (med bowling, mat, drikke og dans)

OPE:

Mand.- onsd. 16.00 - 24.00
Torsdag 12.00 - 24.00 Fredag 16.00 - 01.00
Laurdag 12.00 - 01.00 Søndag 12.00 - 23.00

ULSTEIN

BOWLING

Tlf. Ulstein Bowling 70 01 06 22
For best. utanom opningstid: 454 77 983 eller
E-post: kontakt@ulsteinbowling.no





Askil Holm, kjend frå blant anna Gitarkameratane, spelar no i lag med Daniel Moldskred Strand frå Hareid.. FOTO: PRESSE

Daniel + Askil = sant

Daniel Moldskred Strand (21) frå Hareid, som spelar i rap-gruppa Envy skal i ei periode framover på turne saman med Askil Holm, den eine av dei fire Gitarkameratane.

Askil er aktuell med albumet "Ei ny tid". På en drøy månad har han solgt heile 5000 plater og fekk en god start på VG-lista. Songane er varierte innafor country/pop/rock sjangeren og kan opplevast som ei reise frå barndommen til der han står pr. idag. Gjennom plata blir vi både kjent med kultur, miljøet og barndomsminner til Askil fra Namsos og trøndelagsdistriktet.

Albumet låg i førre veke framleis innafor topp 30 på VG-lista.

21-åringen frå Hareid, Daniel Moldskred Strand, skal spele med

Askil Holm i november, både i trio-format og med elektrisk band. Dei øvrige i bandet er Gunnar Sæther på trommer, Terje Kjørlaug på gitar og Lars Jacob Hovik på bass.

Bandet skal spele på Haandverkeren i Kristiansand 16. november (trio-konsert).

Laurdag 17. november blir dei å høyre på Buddys i Drammen.

Heile bandet stiller opp på Yttervik Gård på Beistad i Stjørdal laurdag 24. november.

Daniel er både musikk- og fotballinteressert, så før han kunne seie ja til speleoppdraget i Trøndelag fekk han avklara at han rekk cupfinalen søndag 25. november mellom Hødd og Tromsø.

– Eg trur eg hadde meldt pass om det skulle vise seg at eg ikkje rakk cupfinalen, sjølv om det er stor stas å spele i lag med Askil og

gjengen. Men fotball er også viktig, seier Daniel som har eit travelt program.

Daniel spelar både piano, stumpbox og korer på triokonsertane. Med elektrisk band er det berre koring og piano, i tillegg til meir wurlitzer og orgel.

– Med andre ord er det nesten to vidt forskjellige planetar eg opererer og songane må øvast inn dobbelt. Dette krever mykje tid og hardt arbeid, men eg synes det er veldig lærerikt. Det er kjekt å kunne få nytte av alt eg har lært. Det er også moro å kunne klare seg på eigahand og få utfalde seg kreativt. I tillegg er det veldig stas å få være privilegert nok til å spele med så dyktige musikarar. Eg er audmjuk, stolt og glad for at eg får denne erfaringa, eg lærer noko kvar dag, avsluttar Daniel.



Daniel Moldskred Strand (21) frå Hareid

haustkonsert
vonheim haugsbygda
søndag 18. nov. kl. 18.00

vyrde mannskor
kvartetten
unni - sølvi - bjørn - øyvind

kaffi og kaker
loddosal

bill. kr.100,-

foto:dina

Sjå kva som skjer

Teater - konserter - sport -
festivalar - show - utstillingar - stemner

Tips oss!

Kontakt
Hugo Antonsen
hugo@regionvisa.no
Tlf.: 917 38 587

Regionvisa

20%

på **ALLE KLAER** i butikken

NB! Alle voksiposene på tilbudet, har ny glidelåspull!



easyGrow®
of the sea

Easy Grow

(veil. kr 1.999,-)

Nå kr **1.699,-**



Voksi Urban

(veil. kr 2.099,-)

Nå kr **1.699,-**

Best
i test!



Testvinneren
"Voksi Urban, er den eneste av posene i vår test som ikke begynner å brenne etter tre sekunder."
Foreldre & Barn nr. 12

30% på Voksi Classic

(Veil kr 2.275,-)

Barnehjørnet

klær, leker, utstyr og sånt....

Bjørndalsvegen 15 B - Tlf. 70 33 28 19

www.barnehjornet.no

FINN OSS PÅ FACEBOOK



www.regionavisa.no

HYUNDAI NEW THINKING.
NEW POSSIBILITIES.

Moderne SUV Hyundai ix35

ix35 1,7i CRDi 116hk Classic 2WD
fra kr **301 950,-***

ix35 2,0i CRDi 136hk Classic 4WD
fra kr **369 950,-**

3 års service¹ og komplette vinterhjul
på 17" aluminiumsfelg
kun kr **4 990,-****

**Verdi kr 33 000,-



Biler for omgående levering!
For prøvekjøring send ix35 til 2012 (SMS)

www.hyundai.no



Ubegrenset kjørelengde

* Veiledende pris levert forhandler inkl. årsavg./reg.omkostn. kommer i tillegg. Drivstoffforbruk blandet kjøring: fra 0,52 l pr. mil. CO₂-utslipp: fra 135 g/km. NOx: 25 mg/km. Avbildet modell kan avvike fra tilbudet, eller ha ekstrautstyr som ikke er tilgjengelig på det norske markedet. Vi tar forbehold om trykkfeil og endringer. ¹ Vi dekker 30 000/12 mnd. - 60 000/24 mnd. - 90 000 km/36 mnd. intervallservice.

Kontakt din forhandler:

Ulstein Bil AS

Din komplette bilforhandler

TELEFON: 70017420

WWW.ULSTEINBIL.NO

Eid Motor AS

6770 NORDFJORDEID

Tlf. 57 86 01 19 - 995 24 080





Ut i helga?

Eid

NORDFJORD HOTEL:
Laurdag spelar 2 Gode Naboer

EXPEDITIONEN:
Fredag og laurdag spelar East of Ireland

OPERAHUSET:
Sigrid Moldestad med band på fredag

Stryn

ALEXANDRA HOTEL:
Husets orkester spelar fredag og laurdag

LOENFJORD HOTEL:
Holko og Hauge spelar fredag og laurdag

STRYN KULTURHUS:
Konsert, Marit Larsen, fredag

Ulstein

KAFFIKARI:
Torsdag er det quiz
Laurdag spelar Scottys Dreamteam

KAFFEBAREN:
Fredag er det Karaoke
Laurdag spelar Trubadur Peter Rønning

DEN GAMLE NABO:
Trubadur Jens P. Dyrdal spelar fredag og laurdag

Volda

ROKKEN:
Hot Club de Norvege spelar på fredag

DET GRØNE TREET:
Torsdag er det Donnerstag konsept
Fredag er det Bandkveld all night long
Laurdag er det Night of the Dj's

Ørsta

HOTEL IVAR AASEN:
Trubadur Siggen spelar på fredag

SAGAFJORD HOTEL:
Fredag og laurdag spelar Trubadur Børre Lødemel

ØRSTA KULTURHUS:
Kåre Nymark jr. band, fredag

Herøy

RESTURANT FOSNAVÅG BRYGGE:
Ståle Dimmen spelar opp til dans laurdag

HERØY KULTURHUS:
Teater, "Teskeikjerringa", fredag



Kåre Nymark jr. til Ørsta med nytt band

Kåre Nymark jr. frå Langevåg på Sula er ein særegen og spennande jazztrompetist med fartstid frå band som Nymark Collective, Gumbo, Funky Butt og Jazzmob, for ikkje å snakke om Ytre Suløens Jass-ensemble. Du kan høyre han på Ørsta kulturhus komande fredag.

Aktiviteten hans spenner med andre ord over eit breitt spekter av stilartar. Inspirasjonen frå mange turar til New Orleans er likevel alltid tilstade, kombinert med eit bluesprega uttrykk og ei open og tidlaus tilnærming til jazztradisjonen.

Kåre Nymark Jr. Band blei etablert hausten 2009. Første konsert var opningskonserten på Ungjazz i Ålesund 2009, der Kåre også mottok Ungjazzprisen 09. Musikken er hardtsvingande, melodisk jazzmusikk, med referanser både til hard bop, gospel, blues, afrikansk og karibisk musikk, og New Orleans. Alle låtane er originalkomposisjonar av Kåre. Bandet består av gnistrande musikarar som Kåre har hatt gleden av å spele med i andre sammenhengar. No er dei sett saman i eitt band.

Han har i forskjellige bandsammenhengar eller som frilansar, samarbeidd med ei rekke musikarar og artistar. The Real Thing, Earle Hyman, Nils Petter Molvær, Silje Nergaard, Tord Gustavsen, Kristin Asbjørnsen, Arve Henriksen, SKRUK, John Pål Inderberg, Henning Sommero, Arne Domnerus og Morten Gunnar Larsen er bare toppen av lista. I tillegg til å jobbe som studio-musikar, er Nymark også mykje brukt som pedagog, og underviser på seminar og kurs over heile landet. Til no har han spelt inn 19

album med egne bandprosjekt, og delteke på mange andre som studiomusikar. Han har konsertert i USA, Afrika, Asia og Europa.

Han ga nylig ut albumet, New Surroundings, som kveldens konsert er basert på. Han kjem til Ørsta fredag saman med musikarane Atle Nymo

(tenorsaks), Kristoffer Kompen (trombone), Jørn Øien (piano), Jens Fossum (kontrabass), Andreas Bye (trommer).

Tid: 16. november
Stad: Ørsta kulturhus



Astroshow på Sjøborg

22. november besøker Anne Mette Sannes og Knut Jørgen Røed Ødegaard, Sjøborg kulturhus med Sannes & Ødegaards Astroshow - Ad Astra 2222.

I oktober ble det oppdaget en steinplanet i det nærmeste nabo-stjernesystemet. Dette er en fantastisk og enormt viktig oppdagelse som vil ha betydning for menneskehetens fremtid. Det siste året har nemlig forskere og andre eksperter fra hele verden diskutert muligheten for å sende mennesker til andre solsystemer. Nå har vi fått et reise mål!

I uke 47 besøker Anne Mette Sannes (forfatter og meteorittler) og Knut

Jørgen Røed Ødegaard (astrofysiker) Ulsteinvik og Ålesundsområdet for blant annet å snakke om oppdagelsen, stjernereiser og boken Apollomannen som handler nettopp om fremtidens første ekspedisjon til et annet solsystem.

I astroshowet presenterer de fremtidens stjernereiser, merkelige exoplaneter, utforskningen av Mars, letingen etter livsformer, sultne sorte hull og meteorittfallene i Norge. De forteller også om ildkuler og letingen etter Valdres-meteoritten, og viser dessuten frem meteoritter.

Multimediashowet ledsages av spektakulære filmer, animasjoner, bilder og lydeffekter.

Tid: 22. november
Stad: Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik



Julemarknad i Loen

Kvar laurdag og søndag i perioden 24. november til 16. desember ønskjer Hotel Alexandra velkomen til julemarknad i Loen.

Midt i Loen – mellom Hotel Alexandra og Hotel Loenfjord blir det kvar helg

koseleg julemarknad, med avslappa julestemning under flotte julebelyste tre. Ein kan stikke innom, kjøpe seg ein enkel matbit og god drikke, gå på skøyter, og handle varer frå leverandørar av lokale mat/ okalt handverk.

Til den nybygde isbana har hotellet utleige av skøyter eller ein kan ta med dine egne. Alexandra freistar

med blant anna grilling av heimelaga julepølse, svinestek og kylling med tilbehør, gulasj-suppe, eplekake og mykje godt drikke – både varmt og kaldt.

Julegran og julenisse høyrer med. Julegrana blir tent første søndag i advent, og siste helga før jul kan ein handle juletre.

mazda.no



NYE MAZDA CX-5 MED SKYACTIV-TEKNOLOGI

FRA KR **299 100,-**

**FIREHJULSDRIFT,
DIESEL AUTOMAT FRA KR 405 800,-**



SKYACTIV
TECHNOLOGY

- Fantastiske kjøreegenskaper
- Drivstofforbruk fra 0,46 l/mil
- CO₂-utslipp fra 119 g/km
- i-stop (start/stopp)
- Sterke motorer, diesel 150 hk (380Nm), bensin fra 160 hk
- Tohjuls- eller firehjulsdrift
- 6 trinns manuell- eller automatgir
- 1800-2000 kg tilhengervekt
- Klasseledende aktiv sikkerhet med blant annet autobrems (SCBS)

Velkommen til prøvekjøring!

Drivstofforbruk kombinert kjøring 4,6-6,6 l/100km. CO₂-utslipp 119-155 g/km. Alle nye Mazda personbiler selges med 5 år/100 000 km nybilgaranti, 12 års rustbeskyttelsesgaranti og inntil 10 års veiløstans. Priser inkl. frakt og lev.omkostn. Årsavgift, metalliclakk, vinterhjul og reg.omk, kommer i tillegg. Utstyrsnivået på avbildet bil kan avvike fra prisseksempelet. Mazda Credit tilbyr gunstig finansiering.

Ulstein Bil AS
TELEFON: 70017420 WWW.ULSTEINBIL.NO

Kalender

November

14. Klubb Mittwoch m/gjeste-Dj, Det Grøne Treet, Volda
 14. Konsert m/Marit Larsen, Nordfjordhallen, Måløy
 15. Donnerstag-konsept, Det Grøne Treet, Volda
 16. Teater: "Teskjekjærringa", Herøy kulturhus
 16. Konsert m/Marit Larsen, Stryn kulturhus
 16. Konsert m/Sigrid Moldestad, Operahuset Nordfjord
 16. Konsert m/Kåre Nymark jr. Band, Ørsta kulturhus
 16. Hot Club De Norvege, Jazzklubb på Rokken, Volda
 16. Bandkveld "All night long", Grøne Treet Volda
 17. Night of the DJ's, Grøne Treet Volda
 17. Konsert med Steve Dobrogosz, Ålesund strykekvartett og koret ved Høgskulen i Volda (HVO), Spjelkavik kyrkje
 17. Laurdagskafe, Kyrkjegata 15, Ørsta
 17. Julebasar v/Volda-Ørsta Revmatikerforening, Ørsta Kulturhus
 17.-18. Julemesse på ishavsmuseet, Brandal
 18. Konsert med Steve Dobrogosz, Ålesund strykekvartett og koret ved Høgskulen i Volda (HVO), Volda kyrkje
 20. Myldredag på Volda Omsorgssenter
 20. Teater: "Fruen fra havet", Ørsta kulturhus
 21. Teater: "Fruen fra havet", Operahuset Nordfjord
 21. Klubb Mittwoch m/gjeste-Dj, Det Grøne Treet, Volda
 22. Konsert m/Kråkesølv, Rokken, Volda
 22. Astroshow med Anne Mette Sannes og Knut Jørgen Røed Ødegaard, Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
 23. Kulturskulens fredagskonsert, Herøy kulturhus
 24. Konsert m/Jan Eggum og Halvdan Sivertsen, Operahuset Nordfjord
 24. Konsert: "Frå ABBA til Blues Brothers, Herøy kulturhus
 24. Førjulsconsert med damekoret Lyst, Volda kyrkje
 24. Laurdagskafe, Kyrkjegata 15, Ørsta
 25. Førjulsconsert med damekoret Lyst, Ørsta kyrkje
 25. Julemesse på Sæbø bedehus
 28. Førjulsconsert med damekoret Lyst, Vartdal kyrkje
 28. Klubb Mittwoch m/gjeste-Dj, Det Grøne Treet, Volda
 28. Konsert m/Vamp, Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
 29. Konert m/Vamp, Nordfjordhallen, Måløy
 29. Teater: "Pippi feirar jul", Operahuset Nordfjord
 30. Konsert m/The Siverts, Rokken, Volda
 30. Konsert m/Kokken Tor, Den gamle nabo, Ulsteinvik
 30. Dans på Volda samfunnshus, musikk av Møregjengen
 30. Konsert m/Nordic Tenors & the Neumann Strings, Operahuset Nordfjord

Desember

1. "Battle of the Bands 2012", Kaihuset, Ørsta
 2. Juleforestillingen "Den fjerde vismann", Ulstein Kyrkje
 4. Country/Gospel konsert m/ Sivert Bjørdal i Ørsta kyrkje.
 5. Stand Up: Dag Sørås, Rokken, Volda
 7. Adventfest med Aglow, SUFH, Ulsteinvik
 7. Teater: "Nattens Umusikalske Dronning", Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
 8. Teater: "Nattens Umusikalske Dronning", Operahuset Nordfjord
 8. Julekonsert med koret Mosaic, Hareid kyrkje
 8. Førjulsconsert m/Sonja Remmen Alnes og Bjørn Holum, Ulstein kyrkje
 12. Nyttårskonsert med Ulf/HDU, Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
 13. Stand Up: Terje Sporsem - "Krig", Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
 14. Konsert m/Ida Jenshus, Stryn Kulturhus
 15. Julekonsert -Oslo Gospel Choir, Herøy kulturhus
 15. Teater: "Pulverheksa og julenissen", Ørsta kulturhus
 16. Teater: "Pulverheksa og julenissen", Operahuset Nordfjord
 26. 2. dags disco, Rokken, Volda
 29. Broad Line, Rokken, Volda

Januar

18. Ingrid Bjørnov 2012-ouverturen, Operahuset Nordfjord
 19. Ingrid Bjørnov 2012-ouverturen, Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
 25. Kulturskulens fredagskonsert, Herøy kulturhus
 26. Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen, Ørsta kulturhus
 27. Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen, Operahuset Nordfjord



Kilde: Kulturkalendarane til kommunane i området.
 Feil eller manglar?
 Ta kontakt på 7000 9660 eller
 daniel@regionvisa.no

Marit Larsen til Stryn

Marit Larsen spiller i Stryn kulturhus fredag.

Marit Larsen er for tiden ute på akustisk kulturhusturné. Idag og fredag står Måløy og Stryn for tur. Marit har vunnet Spellemannspriser og spilt på store scener i inn- og utland i mange år.

Marit startet karrieren i gruppa M&M sammen med Marion Ravn. I 2008 gav hun ut albumet The Chase som ble en stor suksess. I 2011 kom den nyeste plata "Sparks".

Nå kan du oppleve Marit Larsen live i Nordfjord.

Tid: 14. og 16. november
Stad: Nordfjordhallen, Måløy og Stryn kulturhus



Myldredag på Volda Omsorgssenter

Hamna Dagsenter, Dagsenteret for eldre, Møteplassen Gnisten og lokale kunstnarar inviterer til Myldredag på Omsorgssenteret i Volda 20. november.

Pleie- og omsorgssjef i Volda kommune, Jorunn Anne Tomasgard skal opne Myldredagen på Volda Omsorgssenter komande tirsdag. Masse strikka-

produkt, tova julekuler og englar, lys, tepper og broderte kort er noko av det Omsorgssenteret kan by sine besøkande under Myldredagen. Denne dagen blir det også konsert med Birte Slettevoll og Jon Olav Sandal frå musikklinja ved Volda vidaregåande skule. Myldredagen er open for alle, melder Volda Omsorgssenter.

Tid: Tysdag, 20. november
Stad: Volda Omsorgssenter

Sivert Bjørdal og band i Ørsta kyrkje

Det er igjen tid for country- og gospelkonsert med Sivert Bjørdal med band i Ørsta kyrkje.

For femte året på rad blir denne konserten arrangert. Konserten i år vert svært spesiell då Sivert har med seg sine to døtre, Ragnhild og Anne Marthe, som gjestesongarar. Dette vert på mange måtar ein historisk konsert då desse tre aldri tidlegare har opptredd saman offentleg. Tidlegare år har det vore stor rift om billettane og konsertane har vore utseld. På konserten 4. desember får du oppleve det flotte instrumentet steelgitar, spela aav Lars Egil Vågseter,

kjend frå "Vassendgutane".

– Konserten er tenkt som ein kveld for å skape ei god stemning i kyrkja saman med oss og musikken vår der ein finn roa for å lytte og glede seg over song og musikk. Tida før jul er ei tid for ettertanke og oppsummering. Ein kveld i kyrkja med song og musikk er rein terapi, seier Sivert og ynskjer alle velkomne.

Tid: 4. desember
Stad: Ørsta kyrkje



Higasakite avlyst

Dagenskonsert med Highasakite på Rokken er avlyst. Istadefor spelar storbandet som brukar å vere på åpen mic, etter kvissen.

Tid: 14. november
Stad: Rokken, Volda



Førjulsconsert i Ulstein kyrkje

Sonja Remmen Alnes og Bjørn Holum presenterer perler frå ein rik songskatt i ein intim og stemningsfull konsert i Ulstein kyrkje 8. desember.

Songar frå inn- og utland gir gjenklang i hjarterota og utfordrar samstundes tilhøyraren til ettertanke. Sonja Remmen Alnes syng mel-

lom anna i SKRUK i tillegg til å jobbe som solist med eigne prosjekt. Bjørn Holum er kjend frå fleire kulturprosjekt som songar og skodespelar, mellom anna i Herøyspelet. Bjørn syng også i SKRUK.

Musikarar: Peter Demirov, piano og Jan Thormodsæter, bass.

Tid: 8. desember
Stad: Ulstein kyrkje, Ulsteinvik

LAGERUTSALG

i tidligere Bibo sine lokaler, v/busstasjonen i Ulsteinvik

Nye tilbud fra Wenaas & Djupvik!



Jakke 71° Nord

Krage/lommer fleeceforet. Snølås. Forlenget ryggstykke Kornblå/svart Str XS-XXL Ord. pris kr 1.549,-

KUN 500,-

Jakke 71° Nord Extreme

Avtagbar hette. Krage/lommer er fleeceforet. Snølås. Forlenget ryggstykke. Svart/kornblå Str XS-XXXL. Ord. pris kr 2.291,-

KUN 600,-

Selebukse Extreme 71° Nord

Elastiske seler. Strikk i livet. Skjult glidelås i front. Stikkommer m/glidelås. Forsterkning inside ben. Snølås inside/medkant ben. Refleksbiser. Strikket før. Vattert Farge Svart Str XS-XXXL Ord. pris kr 1.871,-

KUN 600,-



Parkas Sibir, vinter

Tykk og god jakke. Lufting under armer. Stramming i sidene. Farge: Medium blå, sort Str XS-XXXL Ord. pris kr 549,-

KUN 250,-



Dublin Jakke

Vannavvisende, vindtett jakke med fleecefor. Avtagbar hette. Stramming i sidene. Farge: Marine/mellomblå. Grå/svart Str XS-3XL Ord. pris kr 590,-

KUN 250,-



Kjeledresser De Luxe til barn

Avtagbar hette, m/regulering. Fleeceforet krage. Skjult to-veis glidelås i front. Brystomme m/klaff. Kvalitet: 82/18% polyester/bomull, 300g/m2. Kontrastfrg. i Oxfordnylon, 100% belagt polyester. Farge: kornblå/svart og rød/svart. Str.: 6-14 år



NÅ 290,-

Vattert kjeledresser

Avtagbar hette. Skjult to-veis glidelås i front. Brystomme m/klaff. Strikk/belte i liv. Glidelås ben. Refleks bryst/rygg. Farge: svart/kornblå Str.: 40-68 Ord. pris kr 1.250,-



NÅ 550,-

Arbeidshansker

Ord. pris kr 30,- pr par. 12 stk i pakke



KUN 100,-

pr. pakke

T-skjorte Basset



for 5 stk

KUN 100,-

Forma Works vernesco

Skolett m/alu. tåhette, overdel fullnarvet lær. Støtdemping. ESD-godkjenning Str 38-48 Førpris kr 1.627,-

NÅ 250,-



Foret vernesco

Stål tåhette overdel av fullnarvet lær. Spikkerbeskyttelse. Str 37-48 Førpris kr 1.336,-

NÅ 250,-



ALM-TAPETSERENGROS AS

v/busstasjonen i Ulsteinvik - TLF. 70 15 80 80



Les avisa som
E-avis!

www.regionavisa.no
Regionavisa
Det beste i livet er GRATIS!

Powered by
buyandread



Julemesse

Ishavsmuseet i Brandal
17. og 18. november

Kunst og handverkmesse
med vekt på det særegne ved handarbeid

Årets messe byr på over 30 utstillarar.
Kafé med middag, kaker og kaffi.

Ope laurdag 17.11 kl. 11.00 - 18.00
Ope søndag 18.11 kl. 11.00 - 17.00



www.ishavsmuseet.no - Tlf. 700 92 004



Den fjerde vismann til Ulstein kyrkje

Musikkspillet «Den fjerde vismann» er ei juleframsyning om nestekjærleik og varme. 2. desember kjem den til Ulstein kyrkje.

Vismannen Artaban trudde han gjekk ein omveg - han trudde han miste vegen av syne. Men vegen leia ham framover, og sjølv vegen blei noko han måtte gjennomføre for å nå det verkelege målet.

Forteljinga om «Den fjerde vismann» er ein klassikar i sitt slag, og den blei første gong framført ved ei juledagsgudsteneste i New York i 1892.

Forfatteren Henry Van Dyke fekk ei natt forteljinga til seg som ei gåve fra det tomme inkje.

«Den fjerde vismann» handlar om stjerneforskaren Artaban, som også såg stjerna på himmelen. Han ville gå og leite etter kongsbarnet.

Artaban fekk ei intens overtyding om noko som var viktigare enn alt anna.

– Historien handlar om det udefinerbare, det unevnelege og det nødvendige i eit menneske sitt liv, seier Helga Samset.

Helga Samset har bearbeidd historien om «Den fjerde vismann» og skal sjølv framføre den. Samset er ein av få i Noreg med tittelen "forteljar", og ho har vore profesjonell utøvar sidan 1995.

Samset har skrive seks songtekstar til juleframsyninga som artisten Maria Solheim har sett melodi til. Under framsyninga vil ho framføre songane saman med bandet Humming People.

– Det er sterke tekster, og låtane har ulike uttrykk og genre, seier Samset.

Maria Solheim er 30 år og etablert artist med fire CD-utgjevingar

bak seg allereie før ho fylte 24. No er ho igjen plateaktuell med utgjevinga «In the Deep».

Maria og Helga er einige om at «Den fjerde vismann» er ei litt annleis, men fantastisk juleforestilling som dei gler seg til å framføre.

– Fortellinga om «Den fjerde vismann» handlar på mange måtar om å velje diakoni som livsstil. Vi i Misjonsalliansen er glade for å vere med på ei juleframsyning som løfter fram dette perspektivet, seier Arnt H. Jerpstad, generalsekretær i Misjonsalliansen.

Velkommen til ei vakker framsyning om julenatta sitt mysterium og kjærleikens veldige kraft.

Helga Samset - fortel
Maria Solheim og Humming People - syng

Tid: 2. desember
Stad: Ulstein kyrkje, Ulsteinvik

Stort utval og flotte butikkar i Stryn!

Tonning Vest:

Vi har flotte julegaver/gavepakninger!



The Star Treatment
m/8 nyanser og primer. Verdi kr 1.800,-
bareMinerals

kr 699,-

DESIGN STUDIO
frisør makeup
Tlf. 57 89 20 80
Tinggata 16, 6780 Stryn

Vi ønsker alle en riktig god førjulstid.
Heidi, Janne, Charlotte, Nina og Janne Trude

Wella - Bedhead - Renati - Maroccooil - Kevin Murphy



Fargeanalyse **kr 1.495,-**

Stilanalyse **kr 1.495,-**

"Livet er for kort til å være grått.
Fyll deg selv og dine dager med farger"

**Finn
juleantrekket
hos oss!**

Paletten
klær - farge - stil

Rognehaugen 17, Stryn - Tlf: 57 87 30 00 - Tonning Vest

Stryn Torg:



STRYN **stryn torg**

Kjøpesenteret i Stryn

Rema 1000 - Matstova Heimebakeri - Nille - Notabene - Sparebanken Vest
Upstairs (Vero Moda - Jack & Jones) - Cubus - Randi's Salong - Eurosko - Princess - Studio Basis

www.stryntorg.no



Damekoret Lyst.

Førjulskonsert med damekoret Lyst

Damekoret Lyst har som tradisjon å halde førjuls-konsert i ulike kyrkjer i Ørsta og Volda.

I desse dagar gjer dei unna siste finpussen på repertoaret til desse konsertane som har fått namnet "Gje av hjartet – førjuls-konsert med damekoret Lyst". I år vil koret halde konsert i kyrkjene i Volda, Ørsta og Vartdal.

Damekoret Lyst, under kyndig leiing av dirigent Elizabeth Oltedal, lovar ein musikalsk bukett med både kjende og mindre kjende tradisjonelle julesongar frå inn- og utland. For å nemne nokre songar: «No koma Guds englar» arran-

gert for damekor av Svein Volle, «Eg synger julekvad» arrangert av Rutter og Pearsall og «Fager er jordi» i arrangement av Agnestig. Dei fleste av songane vil koret syngje acappella, medan nokre blir akkompagnert av Elizabeth Oltedal på piano.

I haust hadde Lyst besøk av den anerkjente britiske dirigenten, forelesaren, komponisten og arrangøren Gwyn Arch. Han lærte damekoret «å tore og sleppe håret laust», for å bruke hans egne ord. To av songane koret øvde inn under seminaret med Gwyn Arch, vil de få høyre på førjuls-konserten. Den eine av desse songane er «Et lite barn så lystelig». Denne jule-

songen er frå Nordmøre, og Gwyn Arch har arrangert songen spesielt for Elizabeth Oltedal og Lyst.

I år har koret gleda av å ha med seg Oline Strømmegjerde frå Sykkylven som gjest på førjuls-konsertane. Oline Strømmegjerde studerer musikk ved Høgskulen i Volda med fløyte som sitt instrument. Oline Strømmegjerde vil ha musikalske innslag med barokkmusikk på tverrfløyte i tillegg til at ho vil vere med og akkompagnere koret.

Tid: 24. 25. og 28. november
Stad: Volda kyrkje, Ørsta kyrkje og Vartdal kyrkje



Gjestesolist Oline Strømmegjerde frå Sykkylven.

**FRÅ 1. DESEMBER:
Ny opningstid laurdagar:**

10-18

Legg turen til
Søre Sunnmøre
sitt **STØRSTE**
kjøpesenter!

AMFI
ØRSTA

AMFI ØRSTA – MØTESTADEN MIDT I SENTRUM
OPE: 10-19 (10-16) Tlf. 70 04 91 90 AMFI.NO



Battle of the Bands på Kaihuset

Laurdag 1. desember brakar det nok ein gong laust med ein ny "Battle of the Bands"-konkurranse på Kaihuset i Ørsta.

Alle ungdommar som spelar i band og har lyst å vise seg fram på ei scene, må nytte denne sjansen til å vise kva dei duger til. Vi har fått gode sponsorar med i år også, og det vert flotte premiar


til dei heldige vinnarane av konkurransen der 1. premien er eit gavekort på kr 6.000,- 2. premie ein flightcase. Publikumsprisen vil vere eit gavekort på 500 kroner til Kaihuskiosken. Dei flotte premiane vi kan tilby kjem frå gode, lokale sponsorar: Sparebanken Møre, Rufø og Lydmakeriet. Stor takk til dei.

Kaihuset ynskjer ungdom frå heile Søre Sunnmøre velkomen til å delta i denne årlege konkurran-

Bilde frå "Battle of the Bands 2011".
FOTO: KAIHUSET

sen på ungdomshuset, og vonar at vi som tidlegare år får høve til å sjå band frå heile regionen på Kaihusscena denne kvelden. Ein fagjury som skal stemme fram dei beste banda, men publikum får også høve til å påverke utfallet ved å stemme fram sine favorittar til publikumsprisen.

Tid: 1. desember
Stad: Kaihuset, Ørsta



**HØGSKULEN
I VOLDA**

STEVE DOBROGOSZ MED HØGSKULEKORET

Gå ikkje glipp av storkonserten med verk av Steve Dobrogosz og Arne Mellnäs.

Steve Dobrogosz, piano
Ålesund strykekvartett
Koret ved Høgskulen i Volda
Dirigent Elizabeth Oltedal

Laurdag 17. november klokka 19.00 i Spjelkavik kyrkje
Søndag 18. november klokka 18.00 i Volda kyrkje

Billettprisar: Barn under 15 år: gratis | Vaksne: kr.250
Studentar/skuleelevar: kr.150. Billettsal ved inngangen / førehandssal i Ekspedisjonen i Berte Kanutte-huset, Høgskulen i Volda.

Storbyen med sol og varme

Kunst, kultur og kulinariske opplevelser i Barcelona



Midt i sentrum



©Getty Images/Thinkstock

SAMLET PRIS

661,-

per person i 1-romsleilighet

SPAR OPPTIL KR. 220,-



★★★ Apartment Ripoll

- 3 overnattinger
- 1-roms leilighet
- Allrom med minikjøkken og 2 sengeplasser

Barcelona er storbyen hvor du kan kombinere sol og varme med kunst og kultur i verdensklasse. Dere bor i en fin nyoppusset leilighet med gangavstand til alle de store severdighetene inne i Barcelona sentrum.

Ankomst:

Valgfri i perioden 02.01. - 21.02.2013

Med forbehold om utsolgte datoer og trykkekfeil. Ekspedisjonsavgift maks. kr 89,-. Se betingelser på www.dtf-travel.no.

Mange fordeler for den reiseglade

Vi elsker ferie
NORDENS STØRSTE REISEKLUBB

dtf-travel.no/klub/logginn

Bestill på dtf-travel.no



Annonsekode: REGIONSAVISA
Tlf: 800 300 98



Bygderadio VEST

Onsdag 14. nov.

07:55 Nytt på Søre
08:00 Tankar i tida
Arne O. Grimstad
08:10 Mamma Maggi
08:55 Nytt på Søre
09:00 Ny dag (RS)
09:40 Minitreff (RS)
09:55 Nytt på Søre
10:00 Norrøna Radio
10:55 Nytt på Søre
11:00 Nattsendinga frå fre-
dags kveld
11:55 Nytt på Søre
12:00 Middagstimen (RS)
12:55 Nytt på Søre
13:00 Tankar i tida
Arne O. Grimstad
13:10 Mamma Maggi
14:55 Nytt på Søre
15:00 Lokal musikk
15:55 Nytt på Søre
16:00 Nattsendinga frå fre-
dags kveld
16:55 Nytt på Søre
17:00 Ettermiddagstimen (RS)
18:00 Skumma kultur (R)
Sylvi Maria Kornberg
19:00 Klassisk time
20:00 Klassisk time
21:00 Kveldstimen (RS)
22:00 Norrøna Radio

Torsdag 15. nov.

07:55 Nytt på Søre
08:00 Tankar i tida
08:10 Menneske eg møtte
Arne O. Grimstad
08:20 Frå arkivet
09:00 Ny dag (RS)
09:40 Minitreff (RS)
09:55 Nytt på Søre
10:00 Norrøna Radio
10:55 Nytt på Søre
11:00 Skumma kultur (R)
11:55 Nytt på Søre
12:00 Kaffipausen (RS)
12:55 Nytt på Søre
13:00 Tankar i tida
Arne O. Grimstad
13:10 Menneske eg møtte
Arne O. Grimstad
13:20 Ettermiddagstonar
13:55 Nytt på Søre
14:00 I eit godt selskap
14:55 Nytt på Søre
15:00 Lokal musikk
15:55 Nytt på Søre
16:00 Frå studio Volda
17:00 Ettermiddagstimen (RS)
18:00 Lokal tonar frå Søre
19:00 Kveldstonar
20:00 Evangeliske musikk
21:00 Kveldstimen (RS)
22:00 Norrøna Radio

Fredag 16. nov.

07:55 Nytt på Søre
08:00 Tankar i tida
Arne O. Grimstad
08:10 Songskalden Leonard
Gudmundsen
09:00 Ny dag (RS)
09:40 Minitreff (RS)
09:55 Nytt på Søre
10:00 Norrøna Radio
10:55 Nytt på Søre
11:00 Kåseri v/ Kåre Kvalsvik
11:15 Eit mangfaldig liv
Harald P. Saunes
11:55 Nytt på Søre
12:00 Kaffipausen (RS)
12:55 Nytt på Søre
13:00 Tankar i tida
Arne O. Grimstad
13:10 Songskalden Leonard
Gudmundsen
13:55 Nytt på Søre
14:00 Lokal musikk
14:55 Nytt på Søre
15:00 Lokal musikk
16:55 Nytt på Søre
16:00 Kåseri v/ Kåre Kvalsvik
16:15 Eit mangfaldig liv
Harald P. Saunes
17:00 Ettermiddagstimen (RS)
18:00 Skumma kultur (R)
Sylvi Maria Kornberg
19:00 Klassisk time

20:00 Spørretevling v/
Øystein Bakke
21:00 Kveldstimen (RS)
22:00 Nattsending Cecilie,
Marianne og Rigmor

Laurdag 17. nov.

11:00 Nattsendinga frå fre-
dags kveld
21:00 Radio Sentrum

Sundag 18. nov.

09:45 Gjennom kyrkjeåret
v/ Arne Grimstad
10:00 Norrøna Radio
11:00 Møteopptak frå Betel
Volda
13:00 Gjennom kyrkjeåret
v/ Arne Grimstad
13:15 Helgatonar
17:00 Søndagstimen
18:00 Helgatonar
20:00 Møteopptak frå Betel
Volda
20:30 Helgatonar
21:30 VKS-sending v/Betel

Måndag 19. nov.

07:55 Nytt på Søre
08:00 Tankar i tida
Arne O. Grimstad
08:10 Menneske eg møtte
08:15 Morgontonar
09:00 Ny dag (RS)
09:40 Minitreff (RS)
09:55 Nytt på Søre
10:00 Norrøna Radio
10:55 Nytt på Søre
11:00 Nattsendinga frå fre-
dags kveld
11:55 Nytt på Søre
12:00 Middagstimen (RS)
12:55 Nytt på Søre
13:00 Tankar i tida og
Menneske eg møtte
Arne O. Grimstad
13:55 Nytt på Søre
14:00 Musikkarusell
14:55 Nytt på Søre
15:02 Lokal musikk
15:55 Nytt på Søre
16:00 Nattsendinga frå fre-
dags kveld
17:00 Ettermiddagstimen (RS)
18:00 Musikk
19:30 Radiobingo
21:00 Kveldstimen (RS)
22:00 Norrøna Radio

Tysdag 20. nov.

07:55 Nytt på Søre
08:00 Tankar i tida
Arne O. Grimstad
08:10 Menneske eg møtte
Arne O. Grimstad
08:20 Morgontonar
09:00 Ny dag (RS)
09:40 Minitreff (RS)
09:55 Nytt på Søre
10:00 Norrøna Radio
10:55 Nytt på Søre
11:00 Nattsendinga frå fre-
dags kveld
11:55 Nytt på Søre
12:00 Middagstimen (RS)
12:55 Nytt på Søre
13:00 Tankar i tida og
Menneske eg møtte
Arne O. Grimstad
13:55 Nytt på Søre
14:00 Musikkarusell
14:55 Nytt på Søre
15:55 Nytt på Søre
16:00 Nattsendinga frå fre-
dags kveld
17:00 Ettermiddagstimen (RS)
18:00 Lokal musikk
19:00 Kveldstonar
20:00 Fosnavågkonferansen
2012
Torgeir Reve
21:00 Kveldstimen (RS)
22:00 Norrøna Radio

Kva skjer?

Teater - konserter - sport -
festivalar - show - utstillingar - stemner

Tips oss!

Kontakt
Hugo Antonsen
hugo@regionavisa.no
Tlf.: 917 38 587

Regionavisa



COUNTRY-/ GOSPELKONSERT

Sivert Bjørdal

m/band og sine
2 døtre Ragnhild
Bjørdal Berg og
Anne Marthe Bjørdal



**ØRSTA KYRKJE TIRSDAG
4. DESEMBER KL 19.30**

Billett kr 250,- blir lagt ut for salg på
"Julebutikken" på Ørsta Torg
frå torsdag 15.11. kl 10.
Billettbestilling for langvegsfarande:
send ein mail til kirkekonsert@live.no



Heiltre kjøkken & bad

- Rimelige priser, salg direkte fra produsent
- Etter mål og ønske, i alle beisa og lakkerte farger.
- Kort leveringstid
- Over 20 års produksjon av heiltre kjøkken og bad til hus og hytter.

Ta kontakt for eit godt tilbud.

Hjelle Snikkerverksted A/S – 6779 HOLMØYANE

Telf. 57 86 35 60 mob. 971 64 206

Mail: post@hjellekjokken.no

VTI Alpint arrangerer skibytedag 17. november
kl. 10 - 15 på Lothe-bygget i Volda.
Volda skisenter er på plass også i år, og kan tilby



Kanontilbod på sesongkort!

Born Vaksne
Kr. 1 400,- Kr. 1 800,-
(ord. 1 750,-) (ord. 2 150,-)

Årskort vil vere i sal i ulike butikkar tidleg i desember.

Sjå heimesida vår for meir informasjon.

PS: Det gamle barnetrekket er gratis for alle!

www.voldaskisenter.no



EGGUM & SIVERTSEN



Laurdag 24. nov

Kl 18.30

Ekstrakonsert kl 21.00!



OPERAHUSET
NORDFJORD

Nordfjordeid er einaste
konsertstad på Nordvestlandet!

Bill 435 kr + avg

Billettsal og info:

www.operahuset.no

m^{-glede}mat

"Kroppen må ha mat for å overleve. Italiensk salat koster over fem kroner kvadratmeteren."

HENRIK 7 ÅR



Biff og båndspagetti

■ Enkel
■ 20-40 minutt
■ 4 porsjonar

Perfekt fredagskos!

Framgangsmåte

1. Kok pastaen etter anvisning på pakken.
2. Strimle paprika og sopp.
3. Fres biffkjøttet i stekepannen.
4. Rør inn sennepen og ha i sopp og paprika. Fres raskt på sterk varme.

5. Rør inn crème fraîche og fløte. Krydre med frisk basilikum og smak til med salt og pepper. La det hele surre i 5-10 minutter. Rør inn hvitløkssmøret mot slutten.

Server i dype tallerkener med båndspagetti i bunnen og sausen over. Pynt gjerne med en basilikumkvast.

Ingredienser

1000 g biffkjøtt i strimler
2 stk rød paprika
10 stk frisk sjampinjong
2 beger crème fraîche original, 35 %
6 dl matfløte
4 ss frisk basilikum
4 ss dijonsennep
2 ss hvitløkssmør
½ pk tagliatelle

MATPRAT.NO



■ Middels
■ 20-40 minutter
■ 4 porsjonar

Biff i curry

Imponér med denne smaksrike og gode retten.

Framgangsmåte

1. Kok opp kokosmelken, tilsett kjøttet og la det trekke i ca. 15 minutter.
2. Ta opp kjøttet og legg det til side. Ha i karripasta, fiskesaus, sukker og chili over kokosmelken. Kok opp og la det trekke i ca. 10 minutter.

Synes du sausen er for tynn kan den jevnes med litt maizenajevner (se mengdeforhold på pakken).

3. Tilsett kjøttet og dryss nøttenene over til slutt.

Server med kokt ris.

Ingredienser

600 g biffkjøtt i strimler
1 boks kokosmelk å 500 ml
3 ss rød karripasta
3 ss fiskesaus (asiatisk)
1 ss sukker
2 stk små grønn chili i skiver
1 ½ dl cashewnøtter eller peanøtter

MATPRAT.NO



SPORT

VINTER KICK OFF MED FANTASIPRISER!

FØR
9498,-

5499,-

DYANFIT MUSTAGH ATA ALPINSKI MED DYNAFIT TLT SPEED BINDING

Dynafit Mustagh Ata Superlight er en utrolig lett ski som veier kun 1300 g, har raise 88 mm midtbredde og kjøreegenskaper som mesterer fjellets utfordringer. Testvinner i Fri Flyt i kategorien under 90 mm midtbredde. Unikt innsving som blir krappere mot baktuppen hvilket gjør skia lettsvingt når det er bratt og i dysnø. Leveres med inserts for Dynafit og G3 ONYX bindinger og Speed skin fellefeste. Lengde 169-187 cm. Radius 21,8-26,3@178. Innsving 118-88-110@178. Dynafit TLT Speed en superlett toppturbinding med gode kjøreegenskaper.

FØR
9500,-

4999,-

K2 COOMBACK MED MARKER F10 TOUR BINDING

K2 Coomback Coomback har trekerne-/capkonstruksjon med glassfiberforsterkning, for og opprettholde relativt lav vekt samtidig og skape stabilitet og torsjonsstivhet. Rocker tip gir K2 Coomback ekstra oppdrift og bedre føring i løs snø samt gjør skiene lettsvingte på harde underlag. Lengde 167-188 cm. Radius 22@174. Innsving 135-102-121@174. Marker F10 binding Helt ny randobinding fra Marker. Lett vekt kombinert med sikkerhet, kjøreegenskaper og fantastisk brukervenlighet, gjør dette til det klare førstevalget blandt ramme-bindinger. DIN 3-10/4-12.

FØR
5999,-

3999,-

DYANFIT ZERO 4 RANDONNEESKO

Toppturstøvel for kresne turister. Super downhillperformance kombinert med gode egenskaper for de som også forflytter seg over lengre avstander.

FØR
5999,-

2999,-

EKTE SPORTS  LEDE

SPORT

BILLIG!

Völkl

FØR
8499,-

3999,-

VÖLK MANTRA, GOTAMA, SHIRO, AURAOG KIKU ALPINSKI MED HEAD LD 12 SIKKERHETSBINDING

Råtøffe ski for de som vil utforske parken, eller vil ha en kul alpinski. Velg mellom 5 ulike freerideski i topp kvalitet. skiene leveres med Head LD sikkerhetsbinding. Begrenset antall.

HEAD



HEAD I.PEAK 78 FLR SW PR MED HEAD POWER 11 BINDING

Head i.PEAK 78 FLR SW PR En skikkelig allroundski, laget for 50/50 kjøring i preperert løype og løssnø. Sandwich trekjernekonstruksjon med Head FLR Flowride + Intelligence teknologi gjør den myk nok i dypsnøen, men stabil nok i preppet bakke. Lengde 159-183 cm. Head Power 11 Er en sikker binding som passer allsidig skikjøring. Med Full Diagonal TRP System, ABS - Anti Blocking System og SL HEAD Heel matcher denne kombinasjonen enhver skikjørrers behov.

FØR
6598,-

2499,-

HEAD



HEAD WORLDCUP L SL ALPINSKI

Head WC ISL RD SW Race Plate racingski til erfarne utøvere, Hard-core grep i lange og raske kraftsvinger, med det originale VM topp-laget (RD Racing Top Sheet). Har Intelligence Teknologi og Worldcup Sandwich Construction, og kommer med Head Raceplate.

FØR
6999,-

2999,-

NORHEIM



FØR
199,-

59,-

NORHEIM HOVDEN ALPINSOKK

Teknisk alpinsokk som støtter foten. Terry-strikket for bedre varmeisolasjon. Elastiske felter gjør at den sitter godt på foten.

EKTE SPORTSLEDE




**NORHEIM LIGHT
ULLUNDERTØY TIL
BARN OG DAME**

Fin og myk kvalitet som isolerer godt på kalde dager. Ull slipper fuktighet ut ved høy aktivitet slik at man holder seg tørr og varm. God passform for funksjonalitet og komfort.




FØR
2299,-

1199,-

**BERGANS
CECILIE DOWN JACKET TIL DAME**

Cecilie Down Jacket holder på varme og blokkerer vinden uansett årstid. I samarbeid med Cecilie Skog har vi spesialdesignet denne jakka for aktive damer som liker å være ute i all slags vær. Dette er en lett dunjakke som er konstruert i et vindtett materiale og som enkelt kan komprimeres. Bruk den alene eller som et varmeforsterkende lag under skalljakka. Den kan enkelt pakkes sammen i en medfølgende kompresjonslomme.




FØR
999,-

199,-

UMBRO TRENGSSETT TIL DAME

Mykt og behagelig treingssett/kosesett fra umbro. Hettegenser, collegebukse og t-skjorte.

G-SPORT VOLDA

Tlf. 70 07 73 48.

G-SPORT ØRSTA

Ørsta. Tlf. 45 29 38 00.

G-SPORT IGESUND

Tlf. 70 08 97 55.

G-SPORT HOFSETH

Ulsteinvik. Tlf 45 47 51 00.

EKTE SPORTS  LEDE



SPORT

Slauren

si historie

Når ein ber Nik. Brandal (39) forklare interessa for politisk ekstremisme, svarar han at det må ligge i at han sjølv er så lite ekstrem. Først når bandopptakaren er slått av avslører han kor ekstremt sterkt han hatar fotballklubben Liverpool.

– Det er ein ting som overraskar meg at vi ikkje har vore innom enno, seier Nik. Brandal når intervjuet er i ferd med å kome til ein ende.

Han sit på tredje timen på ein av barkrakkane til kaffibaren "Trygve" ved samfunnsvitenskapelig fakultet på Blindern. Han har snakka seg gjennom eit knippe konkrete tema og interessefelt som rettsoppgjeret i Noreg etter andre verdskrigen, totalitære rørsler og idear, folkemord, kollektivt minne, maoistrørsla, og det nordiske sosialdemokratiet – som både har prega hans faglitterære produksjon og hans virke som doktorgradsstipendiat i historie hjå Universitetet i Oslo.

Han vaks opp på Sør-Brandal i Vanylven, og reiste ut for å studere etter at han gjorde seg ferdig med Ulstein vidaregåande skule.

– Eg har ti år som formann i den norske supporterklubben til Everton frå 1999 til 2009, legg han til og byrjar å vagge nøgd frå side til side på barkrakken.

– Du har mine sympatiar. Det var vel ti blytunge år?

– Nei, da, vi auka medlemstalet, fekk på plass ei ordning for billett kjøp og oppretta ei nettside i staden for medlemsavis.

– Gratulerer med det, men eg tenkte først og fremst på resultatata – det laget ditt har oppnådd på bana i desse åra ...

– Nja, vi fekk jo Champions league-plass i 2005 og kom til FA-cupfinalen i 2009, då.

– Og korleis gjekk den?

– Vi tapte.

Nik. Brandal smiler tappert.

– Men når eg vert for deprimert går eg berre inn på nettsidene til Liverpool. Eller til Liverpool Football Cult, som vi kallar dei. Det er jo ein slags religiøs kult, det dei driv med. Så sjølvrettferdige, dette at alle til ei kvar tid er imot dei, FA, dommarar, eigentleg er alle visstnok imot dei.

– Det høyrst ut som det er eit veslebrorkompleks dette du har pådrege deg?

– Nei, nei, nei. Du har høyrst den vitsen om kor mange liverpoolsupporterar som må til for å skifte ei lyspære? Svaret er to. Ein til å dra på butikken for å kjøpe ei ny, og ein til å halde denne opp under støpselet medan dei ventar på at verda skal krinse rundt dei og lyspæra skrur seg fast av seg sjølv.

– He, he.

– Eg las ein statistikk her om dagen som viste at dersom Liverpool hadde mista alle poeng dei har fått som eit direkte resultat av ei straffescoring mot Kop End, så ville Liverpool ha vore plassert midt på tabellen på nivå tre ...

– Du, er det ikkje litt typisk for ein tilhengar av Everton å vere minst like oppteken av Liverpool, om ikkje meir, enn sin eigen klubb?

– Eg vil tru at eg veit ti gonger så mykje om Everton som eg veit om Liverpool ...

– Då må du sitte på enorme kunnskapar om Everton ...

– Altfor mykje! Men eg skal innrømme at eg valde dei på grunn av banale ting som draktfargen og slikt. Eg byrja å halde med dei i 1984. Då vann vi FA-Cupen, medan Liverpool vann serien (no Premier League).

– Liverpool vann nok også serievinnarcupen (no Champions League) det året ...

– Ja, ja, det stemmer sikkert. Alle på same alder heldt jo med Liverpool på denne tida. Eg var 11 år og hadde ikkje valt favorittlag enno.

– Så det var altså på grunn av Liverpool du valde å halde med Everton? Du var i opposisjon? Det er Liverpool dette dreier seg om?

– Nei, det var nok banale ting som draktene, og at dei hadde verdas beste venstrefot i Kevin Sheedy, og verdas beste målmann i Neville Southall. Eg var sjølv venstrebeint, så eg likte Sheedy særst godt og på den tida var eg keeper. Då eg byrja å spele midbane etter ei skulderskade, var det for seint.

– Du var ein strateg? Ein playmaker?

– Eg var nok aller best på å få gule kort.

>>>



– signert
Oddmund
ODDMUND FREDRIK JACOBSEN VAAGSHOLM
FOTO: BJØRN LANGSEM



Eg var
nok aller
best på å få
gule kort.

Nik. Brandal

Slauren

si historie

>>>

Vitna "for" Breivik

Det er i år 20 år sidan Nik. Brandal fullførte den vidaregåande skulen i Ulsteinvik. Nyleg fekk han invitasjon til jubileumsfesten, men han har blanda kjensler om dette verkeleg er noko å feire. Det har nemleg ikkje heilt gått opp for han at det allereie er 20 år sidan, og han er engsteleg for å skjønne akkurat dette, når han ser igjen dei han starta si akademiske karriere saman med.

Etter vidaregåande byrja Brandal på grunnfag i historie i Volda og så på lærarskulen. Men han fann snart ut at det ikkje var undervisning han ville nytte tida si til. Han fortsette difor med hovudfag i historie.

– Etter eit halvgodt grunnfag, gjorde eg det brukbart på mellomfag og ganske godt på hovudfag. Dette er visst ikkje så heilt uvanleg blant historikarar, seier han.

Undervegs kom også ei aukande interesse for det politisk ekstreme, og tidlegare i år leia ikkje berre denne interessa, men også hans vitkapelege førelegg han til rettssal 250 i Oslo tingrett og straffesaka mot terroristen Anders Behring Breivik. Nik. Brandal vart kalla inn av forsvarer til terroristen, som eit ledd i deira forsvararoppgåva med å få klienten sin dømd som tilrekneleg og ansvarleg for handlingane sine.

– Eg vart ringt opp etter at rettsaka hadde starta. Det er eit godt døme på kor tilfeldig livet kan vere. Ein av forsvararane til Breivik hadde høyrte meg snakka om korleis tyske soldatar vart radikalisererte under andre verds-krig, på P2, og meinte at dette kunne vere relevant for å forstå Breivik. Eg følte jo at eg ikkje kunne seie noko anna enn ja, sidan den norske staten trass alt har brukt millionar for at eg skulle forske og skrive doktorgrad.

– Korleis var det å vitne?
– Det er ikkje det artigaste eg har gjort. Den siste helga før eg skulle vitne hadde eg ei ekkel kjensle. Det er lett å sitje på Blindern og studere ekstremisme, men å møte det heilt konkret er noko anna. Du veit, det er lite handling ved universitetet, og her vart ein stilt overfor ein person som ikkje berre har planlagt, men også gjennomført ei ofseleg og brutal handling.

– Kva med sjølve vitnesbyrdet?
– Det var vel mest som ein litt avansert munnleg eksamen.

– Avansert?

– Ja, du kjem inn i dette lyse og moderne rommet. Det er mykje folk til stades. Det står noko verkeleg på spel. Du har ikkje ein, to eller tre sensorar – men du kan få spørsmål frå alle kantar. Samstundes var det skikkeleg profesjonelt lagt opp frå både politiet og forsvararane, så den ekle kjensla ga seg fort då eg først kom til Tinghuset.

– Korleis var det å verte stilt andlet til andlet med Breivik?

– Om du ein augneblink gløynde kva han hadde gjort, framstår han så stakkarsleg med den pipete vestkantrøysta, at det nesten er slikt du synast synd på han. I høve til ideologi er difor ein som Fjordman meir interessant, vel og merke om ein ser bort frå det viktig skilje som ligg i at Fjordman skriv og Breivik handla.

– Kva med auraen til Breivik?
– Når eg kika bort mot forsvarsbenken var det vanskeleg å få auge på han, sjølv om eg berre sat nokre meter frå han. Terroristar som Leila Khaled, Gudrun Ensslin eller Andreas Baader er ofte karismatiske, og dei to sistnemnde kom jo inn i si rettssak med solbriller og skinnbukser som nærast osa av sex appeal. Breivik framstod meir som ein byråkrat, som ein Adolf Eichmann.

– Du vitna om korleis radikaliseringsprosessen føregår?

– Ja, eg la fram ein slags modell for korleis dette hadde skjedd, eller korleis det vanlegvis skjer.
– Med soloterroristar?
– Nei, med alle typar terroristar. Alle frå David Copeland, Baader Meinhof, til ETA og IRA.

– Og korleis skjer det?



– Dei fire stega er vanlegvis: splitting, heroisk dobling, fokusering og gjennomføring. Splitting kjem til ved at ein dannar eit todelt verdsbilete der alt vert delt inn i anten godt eller vondt. Så identifiserer ein fienden og valdelege strategiar står fram som naudsynte og sjølsagte. Deretter oppstår dette som eg refererer til som heroisk dobling. Det vesle eg-et skapar seg om til eit heroisk vesen, nett som når Alice i Eventyrland et sopp og vert stor. Det skjer ei perspektivforskyving der terroristen tildeler seg sjølv viktigeheit og vert ein kosmisk krigar, ein avatar, for det gode. På det tredje steget skjer ei fokusering der ein vel ut eit symboltungt mål og dreg saman forteljinga om seg sjølv. Så til sist kjem gjennomføringa. Og denne varer som regel livet ut.

– Nettopp, for for Breivik er jo ikkje sjølv gjennomføringa drapa på 77 menneskeliv, men gjennomføringa er spreing av manifestet.

– Ja, det stemmer. Både terroraksjonen til Breivik og rettssaken er faktorar for å fremje manifestet hans. Det interessante framover vert å sjå kven og korleis manifestet vert foredda vidare. Nokon kjem til å plukke det opp og kanskje gjere det meir spiseleg. I enkelte delar av Aust-Europa sel ein allereie t-skjorter med Breivik sitt andlet på.

Slauren

I ein heller spekulativ artikkel i studentavisa Universitas, vart Nik. Brandal omtala som ein av fleire "viktigperar" på kurset om folkemord ved universitetet, sett opp og leidd av den prisløna, høgakta, omstridde og elitistiske professoren Bernt Hagtvet. Om vår mann stod det at han "kom slenrande inn i auditoriet" og er ein del av professoren sitt "karakteristiske entourage" (følge, journ. merk.).

Når Nik. Brandal får lese opp desse karakteristikkane trekk han lett på skuldrane og smiler roleg.

– Det er jo slik ein går inn i eit auditorium. Korleis skulle eg elles ha gjort det?

– Slenrande signaliserer kanskje at du ga inntrykk av å ha god tid ...

– Det hadde eg jo også. Eg kom lenge før tida!

– He, he. Er du ein viktigper?

– Her må eg berre bøye meg for at på akkurat dette feltet har Universitas stor ekspertise, så det stemmer nok.

– Og kva seier du til dette med at du er ein del av følget til Hagtvet ...

Nik. Brandal smiler igjen like lett, og gir eit nytt prov på at berre snakk om Liverpool kan hisse han skikkeleg opp.

– Eg har tenkt ein del på dette, kor heldig eg har vore med timinga. Hadde eg gått

beinvegen gjennom systemet og ikkje tulla rundt ein del, hadde eg treft andre folk og fått andre erfaringar. Både vegleiaren min, historieprofessoren Øystein Sørensen, og dei fleste av dei eg har samarbeidd med fagleg sidan, møtte eg som hovudfagsstudent, med ei delt interesse for politisk ekstremisme og demokrati, med ei internasjonal orientering.

– Og det er kanskje med denne internasjonale orienteringa Bernt Hagtvet kjem inn i biletet?

– Bernt er unik på dette med å trekke inn verda og gjere den gjeldande her på Blindern. Vi møttes då han heldt det første kurset om folkemord for ti år sidan, og har vore venar sidan. I 2008 arbeidde vi også tett saman med utgjevinga av "Folkemordenes svarte bok", der eg var redaksjonssekretær.

– Dermed vart du innlemma og ein del av entourage?

– He, he. Bernt kallar oss for The Bodyguards, medan vi brukar å seie at vi er Bernt sine bardunar som prøver å halde han festa til underlaget.

– Så du er ein stabiliserande og støttande type?

– He, he. Nei, eg er nok meir av ein slaur.
– Ein slaur? Som forvaltar historia? Kvifor seier du det?

– Etter at eg hadde vitna i Breivik-saka vart eg oppringd av gamlerektoren min på



Ni rette med Nik. Brandal

1) Kva les du no?

- "Terrorist's Creed: Fanatical Violence and the Human Need for Meaning" av den britiske historikaren Roger Griffin.

2) Kva høyrer du på oftast?

- Kathleen Edwards, særleg plata Asking for Flowers (2008).

3) Kva er di største kulturoppleving?

- Her må eg nok nytte det utvida kulturomgrepet og seie Everton 1 Manchester United 0 (Duncan Ferguson) på Goodison Park i Liverpool 25 februar 1995.

4) Kva er ditt kjæraste hjelpemiddel?

- Internett!

5) Kva er ditt politiske tilhøyr?

- Sosialdemokrat. Med stor S.

6) Kva kjempar du for?

- Som akademikarar flest har eg nok eit underskot på handling, men humanisme og demokrati kjem høgst opp på lista.

7) Kva angrar du på?

- Anger er ei bortkasta kjensle. Ein bør heller stå opp for dei feila ein har gjort og late vere å gjere dei oppatt.

8) Kva trur du på?

- Mennesket og framskrittet, om ikkje alltid her og no så i alle fall i det lange løpet.

9) Kva ser du fram til?

- Å verte ferdig med PhD'en og få ein ordentlig jobb.

Åram skule, som sa at dette ikkje akkurat var det ho hadde venta seg frå meg, då eg visstnok hadde vore noko av ein slaur. Og det måtte eg jo berre gi henne rett i. He, he, he.

Jakta på maoistane

Nik. Brandal har trass sin unge alder vore involvert i fleire tematisk monalege og historisk viktige bokprosjekt. Det starta med hans bidrag til det ein nesten må kunne kalle ein klassikar kva gjeld norsk litteratur om rettsoppgjeret i Noreg etter den andre verdskrigen - "Et rettferdig oppgjør?". Her tek han føre seg korleis oppgjeret vart handsama i Stortinget i perioden frå 1945 til 1950 - som var bygd på hovudfagsoppgåva hans frå 2002.

I 2008 medverka han som nemnt til Bernt Hagtvet si bok om folkemord, før han i 2009 publiserte "Den store ml-boka" saman med Jon Rognlien på Kagge forlag. Denne utgjevinga kom til etter eit årelangt arbeid med det såkalla Kaderprosjektet, der Brandal og Rognlien gjorde ikkje mindre enn 160 intervju med noverande og tidlegare medlemmar av den norske maoistrørsla, samt familiemedlemmar, venar og uvenar av desse. Undertittelen vart dermed "Norsk maoisme sett nedenfra".

I 2010 skreiv Brandal boka "Den mislykkede spionen" om den norske kunstnaren,

Om du ein
augneblink
gløymde kva
han hadde gjort,
framstår han
så stakkarsleg
med den pipete
vestkantrøysta,
at det nesten er
slik du synast
synd på han.

Nik. Brandal

journalisten og landssvikaren Alfred Hagn, som under første verdskrig vart dømd til døden som tysk spion i London, men seinare vart teken til nåde etter ein sveltestreik. Han returnerte til Noreg og var under andre verdskrigen Nasjonal Samling (NS) sin representant hjå Riksantikvaren.

I 2011 ga Nik. Brandal så ut sitt hittil siste bokverk, om sosialdemokratiets fortid, notid og framtid. Denne boka tek føre seg sosialdemokratiet som politisk ideologi både internasjonalt og i Noreg, samt diskuterer ideologiens utfordringar i samtid og framtid i dette kanskje stadig fleire meiner er ein nyliberalistisk tidsalder.

- Først, Nik. - kvifor denne tilsynelatande valdsame interessa for maoistrørsla?

- Kaderprosjektet starta vi opp i 2004, i etterkant av det såkalla Hagtvet-ordskiftet året før. Eg vart interessert då eg såg det uventa sterke engasjementet i ei sak eg sjølv ikkje trudde var særleg kontroversiell. Bernt utfordra leiarskapen i AKP (m-l) om å reise til Kambodsja for å fylgje rettssaka mot Raude Khmer og sjå kva som låg i enden av den ideologien dei hadde stått for. Resultatet vart meir enn 300 avisinnlegg på nokre få månader, med angrande syndarar, sinte motstandarar, ubøyelege ml-arar og ei lang rekke andre. Og då støyen hadde lagt seg, hadde vi knapt vorte så mykje klokare.

- Kva fann de ut med prosjektet? Kva var hovudinnsikta?

- Ei viktig innsikt var skillet mellom leiinga og aktivistane på grunnplanet. I denne rørsla gjekk all kommunikasjon nedover og det var nesten umogleg å påverke oppover. I byrjinga var det eit mangfald så lenge ein aksepterte den ideologiske pakka ein vart servert ovanfrå. Tidleg var det rom for å halde på med ting som målsak, fråhalds-sak, kamp for distrikta og så bortetter. Men utover 1970-talet vart det stramma stadig meir inn. Då måtte ein prøve å kuppe alle rørsler ml-arane ikkje hadde kontroll med og drive med hemmelegald og førebuingar til tredje verdskrig, som partileiinga meinte var rett rundt hjørnet. Slik vart aktivistane i aukande grad gjort til medløparar for ein ideologi som til sjuande og sist endar hos Pol Pot. Det er på sett og vis slik ein må forstå dyrkinga av Stalin. Dersom ein var villeg til å svelge dette, så hadde ein ikkje så mange intellektuelle motførestellingar att. Men før Hagtvet-oppgjeret hadde biletet av ml-rørsla vore dominert av den rare og morosame, men også litt stakkarslege gymnaslæraren som Dag Solstad hadde skapt og Tron Øgrim hadde legamleggjort. Dette biletet gjekk i oppløysing i 2003.

>>>



Slauren si historie

>>>

– Så Den store ml-boka var eit slags oppgjer med Gymnaslærer Pedersen?

– På mange måtar. Det er ikkje eit åtak på politisk aktivisme, men det er eit oppgjer med den framstillinga som Gymnaslæraren representerer; romantiseringa og ufarlegginga av eit livsfarleg politisk prosjekt.

– Kva seier dette om Dag Solstad?

– At ein heil generasjon med forfattarar let seg undertvinge maoistrørsla er eit norsk særtrekk. Ein finn det ikkje i noko anna vestleg land. Og dette kan ein ikkje forstå utan å sjå på den rolla som Solstad hadde. Gjennom forfatarhegemoniet kunne den norske ml-rørsla lage sterke fortellingar, og dette er viktig når ein skal forstå den tiltrekningskrafta som ideologien hadde i Noreg.

– Men dette synes ikkje å hefte ved Solstad i særleg grad?

– Solstad sitt første prosjekt var å verte ein stor forfattar. Med ml-prosjektet prøvde han i staden å verte ein viktig forfattar. Den forfjamsa gymnaslæraren var ei freisting på å lage ein utveg der han slapp å ta inn over seg kva han hadde vore med på. Då vi ga ut den store ml-boka, var vi difor medvitne om at Solstad skulle stå som ein av dei fem store

ml-arane på framsida. Han sat på toppen av fortolkingsapparatet, rett under Tron Øgrim, og hadde difor eit monaleg medansvar for alle dei som let seg undertvinge denne "store politiske vekkelsen som har heimstøkt vårt land", slik han sjølv formulerte det.

– Dei seier at dei ikkje såg noko, til dømes på studieturen sin i Kambodsja ...

– Å ikkje vite er i såfall ikkje ein passiv prosess. Det var tvert om ei særskild handling der ein medvite veik unna all informasjon som ikkje passa inn. Akkurat når det gjaldt Pol Pot, må det samstundes seiast at partileiinga verkeleg sleit med å få dei vanlege ml-arane til å engasjere seg. Dette handla sjølvstøtt også om at dei fleste hadde vorte eldre, fått jobb og familier.

– Dette får meg til å tenke på at også sosialdemokratiet har sine eigne samvitskvalar å stri med, om ein ser på deira partifamiliar rundt om i verda?

– Ja, det var pinleg, ytst pinleg, at då den arabiske våren byrja viste det seg at partia til både Hosni Mubarak i Egypt og Ben Ali i Tunisia var medlemmar av Sosialistinternasjonalen, saman med Arbeidarpartiet.

– Men sosialdemokratiet i Norden er fortreffelig?

– Ifølgje Torolv Elster er jo sosialisme i Noreg den politikken det norske arbeidarpartiet til ei kvar tid fører... Men frå spøk til alvor, så er det ein heilt klar lærdom frå his-



Å ikkje vite er ikkje ein passiv prosess.

Nik. Brandal

toria at ein sosialdemokratisk politikk først og fremst må vere økonomisk og moralsk berekraftig. Først må ein skape, så kan ein dele. Men moralsk berekraft er også å vere tilstades i liva til folk, at ein har øyrer og auger på bakken slik at ein kan høyre kva folk er opptatt av og hjelpe dei til å kanalisere dette om til politisk handling. Her har moderne sosialdemokratiske parti, også i Norden, altfor ofte feila. I staden for å bygge ut og vedlikehalde partiorganisasjonen har ein satsa på at ei profesjonell leiing berre kommuniserer gjennom media. Men då vert sosialdemokratet nett som alle andre parti. Folkerørsla er sjølv livsblodet til eit sosialdemokratisk parti.

– Kan det vere at du har vist ei så stor interesse for maoistrørsla for å kunne bidra til å skilje denne så tydeleg ut og vekke frå ditt kjære sosialdemokrati på den same venstresida?

– He, he. Sosialdemokratane har jo vore hovudfienden til leninistane, stalinistane og maoistane. Gjennom Kaderprosjektet møtte eg mange tidlegare ml-arar som hadde tenkt djupt og lenge gjennom kor viktig fridom, demokrati, menneskerettar og rettsstat faktisk er, ting som ein som nordmann altfor ofte tek for gitt. Såleis vart dette ei sterk bevisstgjerings også for meg, som heldt fram då eg byrja arbeidet med boka om sosialdemokratiet. Eg har lært å sette pris på dei treige og ofte gråtona demokratiske prosessane og institusjonaliseringa av konflikter som ligg i den nordiske modellen, og har vel dermed enda opp som det svenske kallar for "gråssosse". Kanskje det er difor eg har halde fast på interessa for politiske ekstremisme. Bernt har kalla meg for politisk botanikar som berre kategoriserer dei skjøre artane i den politiske vegkanten.

– He, he. Eit siste spørsmål: Kvifor kallar du deg Nik. når du heiter Nikolai?

– Det er fordi du rett og slett ikkje kan ha eit namn med fire stavingar når du skal spele fotball!

Vi aukar igjen!

no

24.000

eksemplar
KVAR VEKE I 10 KOMMUNER



Regionavisa
Det beste i livet er **GRATIS!**

Tlf. 7000 9660 - Fax 7000 9670 www.regionavisa.no



Phong Nha nasjonalparks kalksteinsklipper er slipt ned gjennom millioner av år via et langstrakt nettverk av elver.

Verdens største huler

Klar for å gå under jorden? I Phong Nha i Vietnam finner du noen av verdens største og mest spektakulære huler. I tillegg kan du få et unikt innblikk i vietnamesisk dagligliv.

I forrige versjon av Lonely Planets reise-guide til Vietnam er Phong Nha-provinsen og den tilhørende nasjonalparken kun nevnt ved et par, korte paragrafer i et obskurt kapittel. Der fokuseres det på om høy amerikansk tilstedeværelse under krigen, en plag-

som mangel på overnattingsmuligheter og selvfølgelig – hulene, anerkjent som blant verdens største og mest spektakulære. Men i den nyeste versjonen av den populære guideboksens serien, er området å finne på tredje plass av topp 20 steder å besøke, rett bak Ha Long Bay og Hoi An's gamleby.

Bondeland

Vi vil snart forstå hvorfor. Ved første øyekast er lite annet her enn landbruk: risåkre, peanøttplantasjer og tradisjonelle trehus innrammet av kalksteinsklipper og smaragdgrønn urskog. Bønder med kjegleformede stråhat-ter tresker jorden med verktøy lagd fra ned-

smeltede amerikanske bomberester. Lyden av hekkende traneflokker og rautingen fra dovne vannbøfler fyller den rene luften. Det er et levende oljemaleri – et bilde på det vietnamesiske dagliglivet før masseturismen traff landet på tidlig nittitallet. Men det vil ikke vare lenge, ifølge Ben Randall – grunnlegger av nå topprangerte Phong Nha Farmstay.

– Dette kommer til å bli Vietnams neste Ha Long Bay. Det er kun fantasien som setter grenser for hva man kan gjøre her, sier han.


Ben startet hotellet med sin kone Bich i 2010, og har i år for første gang måttet stoppe kunder i døra på grunn av overbooking.

– Foruten hulene kan man også få et unikt innblikk i det autentiske vietnamesiske dagliglivet. I alle fall slik det pleide å være, fortsetter han.

Slagmark

Phong Nha har ikke vært like fredelig bestandig. Området gjennomgikk noen av de mest intensive bombekampanjene under krigen, og sporene er fortsatt synlige i dag. Tusenvis av navnløse graver er spredt utover rismarkene, der de døde er lagt der de falt. Tidvis forekommer fortsatt ulykker med fortsatt udetonerte granater og splinter.

>>>



Det er bare tre år siden den første ekspedisjonen gikk gjennom den massive Tien Son-hulen med bare lommelykter.

Reisefakta Phong Nha nasjonalpark:

Slik kommer du deg dit: Nærmeste by til Phong Nha nasjonalpark er havnebyen Dong Hoi, som lett nåes med fly fra Vietnams storbyer. Alternativt er strekningen helt overkommelig med buss, tog eller drosje fra Hoi An. Fra Dong Hoi er Phong Nha omtrent halvannen time unna med taxi. Enklest arrangeres henting med hotell, som også står for dagsturer til park og huler.

Overnatting: For øyeblikket finnes bare ett lite knippe hoteller og herberger i Phong-Nha distriktet, men dette forventes å øke veldig snart.

Phong Nha Farmstay: Australiske Ben og hans lokalfødte kone Bich driver sammen et fantastisk hotell/herberge blant Phong Nhas eviggrønne rismarker. Godt for alt, inkludert spesialarrangerte dagsturer eller ren sosialisering i bar og restaurant. Priser fra 50 – 200 kroner natten. Wifi inkludert.

Chay Lap Homestay: Rustikt, men intimt opphold hos lokal familie i vakre omgivelser. Nær parken. Har spesielt godt rykte på seg for maten. Priser fra 50-120 kroner natten.

Trang An hotel: Tostjerner hotell bygd rett utenfor nasjonalparkens inngang. Godt alternativ for de som utelukkende vil utforske park og huler, men langt mindre intimt

og personlig enn de to forestående. Wifi inkludert. Priser fra 100-200 kroner natten. Hulene nåes via den vakre nasjonalparken og dens gode veier. Billetter og tillatelser arrangeres av ditt hotell.

Hulene:

Phong Nha Cave:

Spektakulær kalksteinshule som kun kan nåes med båt, via en elv som renner omtrent 1.5 kilometer inn i hulen. Lysene er til tider litt glorete, men det glemmer man fort ved synet av stalaktitter som er mer enn 120 meter høye.

Paradise Cave:

Opp 500 trappetrinn og inn et lite hull i bakken åpner det seg en eventyrverden av kalksteinsformasjoner. Denne hulen regnes som en av verdens vakreste, og strekker seg hele 35 kilometer inn i fjellet. Kun 1.6 kilometer av disse er åpent for publikum, uforglemmelig for de som tar turen.

Soon Dong Cave:

Nylig kåret til verdens største hule (med et enkelt kammer som er mer enn fem kilometer langt) av British Cave Research Association – denne hulen er for øyeblikket stengt for offentligheten. Men det er mulig å arrangere turer til munningen, som skal være spektakulær i seg selv. Sannsynligvis vil det snart også bli mulig å oppleve deler av hulen for publikum.



Det er ikke rart at mange besøkende til Phong Nha nasjonalpark trekker umiddelbare referanser til Jurassic Park.



Kalksteinsklipper er slipt ned gjennom millioner av



Et pilgrimstempel er reist til minne for ti Vietcong-opprørere som ble begravd levende, etter at en amerikansk rakett knuste en fjellknaus over.

>>>

Men de mange årene med blod og nød har derimot ikke ødelagt lokalbefolkningens humør og åpenhet. For når man vandrer ned blant rismarker og landsbyer inviteres man stadig inn til måltider og risvin av familier, som gjennom gjestfrihet beviser at et felles språk ikke nødvendigvis er en forutsetning for kommunikasjon.

Underjordiske eventyr

Men hovedattraksjonen i Phong Nha er utvilsomt nasjonalparken Phong Nha Ke-Bang, som ble tildelt verdensarvstatus i 2003. Skarpe fjellknauser, skogkledde åser brutt ned av asurblå elver og bortjemte fossefall – oversett av lemurer og andre sjeldne dyrearter. Når man navigerer de overraskende gode veiene med jeep eller motorsykel forventer man nesten å se en dinosaur bryte seg gjennom den tykke vegetasjonen.

Men turistene kommer først og fremst for å se hav som skjuler seg

under idyllen. De over 300 hulene i nasjonalparken kalles av mange de vakreste på planeten, og inkluderer verdens største, Soon Dong, som nylig overtok rekorden fra Borneos Deer Cave.


Den er i ferd med å tilrettelegges for turister, og en liten seksjon av hulen – med breddemål på over fem kilometer i ett enkelt kammer – skal åpnes i løpet av 2012.

I enkelte deler kunne en skyskraper lett fått plass i høyden.

31 kilometer dyp

Men foreløpig er det Phong Nha-hulen som mottar størst antall besøkende – nesten utelukkende vietnamske helgeturister. Her kan du se fantastiske formasjoner av imponerende størrelse, eller du kan oppleve den fra båt via elven som renner flere kilometer gjennom selve fjellet. Det er et uforglemmelig syn.

De barskeste tar turen et lite stykke innover i parken, opp fem



En tur til Phong Nha-hulenes innerste kammer gir et perspektiv på naturens krefter.

hundre trappetrinn og ned en liten avsats. Her ligger Tien Son Cave – eventyrgrotten – som virkelig lever opp til navnet

– Dette kammeret kan romme en Boeing 747, forteller en vennlig mann med røykestemme fra en liten krakk i et hjørne.

Jeg nikker, men klarer ikke helt å fatte det hele. Dette er kun en

liten bit at det hele. Jo lengre man fortsetter inn i den 31 kilometer lange hulen, jo mer spektakulært blir det – til de få besøkende slutter å snakke fullstendig. Stien slutter etter rundt halvannen kilometer, ved en rekke trebenker. Videre er det svært farlig, og utforsket. Når jeg sitter blant de andre og gaper – innser jeg at jeg ikke besitter et

sanseapparat tilstrekkelig utviklet for å verdsette noe slikt. Alt jeg kan gjøre er å stirre. Og det føles godt, betryggende – at det fortsatt finnes fenomener der ute som kan ta fullstendig pusten fra oss.

TEKST OG FOTO: AXEL MUNTHE-KAAS HÆRLAND



Møre-ekspressen

EKSTRA AVGANG etter kampen
sundag 25/11 fra Oslo Bussterminal kl. 1700
DIREKTE til Ulsteinvik

Garantert plass ved kjøp av billett på www.nor-way.no

www.nor-way.no - 815 44 444

NOR-WAY
BUSSEKSPRESS



Regionavisa inviterer deg på **Eksotisk cruise fra Dubai**

Besøk Dubai, Al Fujairah, Muscat og Abu Dhabi med RCCLs Serenade of the Seas

De forente arabiske emirater er en av verdens yngste nasjoner. Landet grenser til både Omanbukten og Persiabukten. Tradisjonell kunst og kultur bevares samtidig som moderne arkitektur og den raske utviklingen blander gammelt med nytt. Ørkenklimaet, varme hav og herlige strender gjør landet til en populær turistdestinasjon. Og velger du å bli med på et cruise i denne delen av verden får du med deg mange smakebiter av et spennende og eksotisk land. I tillegg får du med Oman og Muscat som byr på en unik blanding av middelalder, moderne metropol og 1001 natts eventyr. Og husk, det finnes ingen bedre måte å reise på enn et cruise. Du sjekker inn, pakker ut én gang og flyter i luksus. Hver dag legger skipet til i ny havn med muligheter for utflukter, så her står opplevelsene i kø!



10. - 18. mars 2013



Seilerute:

10.03: Avreise Ålesund
11.03: Ank. Dubai.
12.03: Al Fujairah
13.03: Muscat, Oman
14.03: Muscat, Oman
15.03: I sjøen
16.03: Abu Dhabi
17.03: Dubai. Avreise på kvelden.
18.03: Ankomst Ålesund

Turpris kr 11 250,- p.p.

Pluss flyavgift kr 3220,-
(med forbehold om endring)

Inkludert i prisen:

Fly Ålesund - Dubai t/r
Transport flyplass-cruiseskip t/r
Alle havneavgifter og tips ombord
Sightseeing i Dubai og Abu Dhabi
7 dagers cruise i dbl. innv. lugar
Reisvert fra Regionavisa
Reiseleder fra Unik Travel

Cruiset inkluderer:

Lugar i valgt kategori, hjelpsjon ombord (frokost, lunsj, ettermiddagste, middag og midnattsbuffet), mange aktiviteter ombord og variert underholdning hver kveld.

Tillegg:

Enkellugar innvendig kr 1900,-
Utv. lugar kr 1490,- p.p.
Lugar med balkong kr 2400,- p.p

Regionavisa
Det beste i livet er **GRATIS!**

Påmelding på www.uniktravel.no
For mer informasjon ring tlf **38 12 79 00**
eller send e-post til reise@uniktravel.no

Unik Travel  

www.uniktravel.no

f & fest folk



Søndag 4. november, kl. 15.48 kom lille Selma til verden. Ho var 3115 gram og 57 cm høy. Stolte foreldre er Katinka og Inge.



7. oktober kom Ole Georg til verda ved Åse sjukehus! 3655 gram og 51 cm var måla. Tord er stolt og flink storebror! Glade og takksame foreldre er Edith og Kristian Voksøy Steinsvik.



Onsdag 7. november fikk Oline (2 år) Elise til lillesøster. Elise var 3630 gram og 49 cm. Stolte foreldre er Mette Ulvestad Dyb og Roger Dyb, stolte besteforeldre er Aud og Lars Petter Ulvestad, Åse Skeide og Tore Dyb.

DAGEN I DAG

Onsdag 14. oktober
Årets 318. dag, uke 46
47 dager igjen av 2012

Navnedag i dag

Fredrik, Fred, Freddy

Historie

- 1665 – Den dansk-norske kongen Frederik III underskrev Kongeloven som fastsatte arvefølgen og formaliserte kongens enevelde makt.
- 1851 – Herman Melville publiserer romanen Moby Dick i USA.
- 1918 – Tsjekkoslovakia blir republikk.
- 1921 – Det spanske kommunistpartiet blir grunnlagt.
- 1922 – BBC starter de første radiosendingene i Storbritannia.
- 1940 – Andre verdenskrig: Coventry, England blir ødelagt av et tysk bombeangrep.
- 1945 – Bolivia blir medlem av FN.
- 1954 – President Mohammed Naguib av Egypt avsettes. Han etterfølges av Gamal Abdel Nasser.
- 1965 – Vietnamkrigen: Slaget ved Ia Drang – første større trefning mellom Nord-Vietnam og Amerikas forente stater.
- 1969 – Apollo-programmet: NASA skyter opp Apollo 12, som blir det andre romfartøyet som lander på Månen.
- 1973 – Prinsesse Anne av Storbritannia gifter seg med kaptein Mark Phillips i Westminster Abbey.
- 1975 – Spania trekker seg ut av Vest-Sahara.
- 1979 – Mariner 9 når Mars, og blir det første romfartøyet i bane rundt en annen planet.
- 1982 – Lech Walesa, leder av Solidaritet i Polen, blir løslatt etter 11 måneders internering.
- 1990 – Tyskland og Polen signerer en traktat som bekrefter grensen mellom de to landene.
- 1998 – Dennis Rodman og Carmen Electra gifter seg i Las Vegas.
- 2000 – Netscape Navigator 6.0 blir sluppet.
- 2001 – Nord-alliansen tar kontroll over Kabul, Afghanistan.
- 2003 – Planeten Sedna blir oppdaget.
- 2004 – Den amerikanske dollaren fjernes som gyldig betalingsmiddel på Cuba.

Norsk Historie

- 1937 – Birger Ruud ble den første til å hoppe i Bergensbakken.

Født

- 1650 – Kong Vilhelm III av England
- 1719 – Leopold Mozart, østerriksk komponist
- 1778 – Johann Nepomuk Hummel, østerriksk komponist
- 1798 – Peder Carl Lasson, norsk høyesterettsjustitiarius
- 1805 – Fanny Mendelssohn, tysk komponist og pianist
- 1907 – Astrid Lindgren, svensk forfatter
- 1907 – William Steig, amerikansk tegneserierskaper
- 1917 – Park Chung-hee, sørkoreansk president
- 1927 – McLean Stevenson, amerikansk skuespiller
- 1930 – Edward H. White II, amerikansk astronaut
- 1930 – Erik Øksnes, norsk skuespiller
- 1935 – Kong Hussein av Jordan
- 1936 – Sven O. Høiby, norsk journalist
- 1937 – Hanne Skram, norsk ballettdanserinne
- 1939 – McLean Stevenson, amerikansk skuespiller
- 1942 – Are Næss, norsk politiker
- 1942 – Arne Torp, norsk førstemanuensis
- 1943 – Peter Norton, amerikansk programvareutvikler
- 1944 – Kåre J. Smith, norsk kristenleder
- 1948 – Charles, fyrste av Wales
- 1952 – Metin Kaplan, tyrkiskfødt islamistleder
- 1953 – Dominique de Villepin, fransk statsminister
- 1954 – Jerry Mateparae, nyzealandsk generalguvernør
- 1954 – Condoleezza Rice, amerikansk utenriksminister
- 1955 – Hallgeir H. Langeland, norsk politiker
- 1957 – Nicholas Lens, belgisk forfatter og komponist
- 1960 – Ola By Rise, norsk fotballspiller og trener
- 1975 – Travis Barker, amerikansk musiker
- 1989 – Andreu Fontàs, Spansk fotballspiller
- 1991 – Mohammed Abu, ghanesisk fotballspiller



Tanita (5) fekk ein bror onsdag 7. november. Han vog 4195 gram og målte 52 cm. Stolt mor er Jannicke Bøe frå Stryn.



William (7) og Matheo (5) fekk ein ny bror 9. november. Veslebroren vog 3410 gram og målte 49 cm. Stolte foreldre er Elisabeth Remmen og Patrik Bengtsson frå Ørsta.



Julie Sørensen Bakken 10 år. Vi vil gratulere klassevenninna vår med dagen som var i helga. Håper at du hadde en fin dag. Klem frå Mathilde og Martine



Monica Hovdenakk og Pål Klevstad, vigde i Ørsta Kyrkje 14.07.2012.

FOTOGRAFTRINE MORK-BAKKE

Vil du ha med ditt bilete på denne sida? Send inn tekst og bilder til richard@regionavisa.no (Gratissteneste)

DØDSANNONSE



Gjennom **Regionavisa** når du ut med ditt budskap i kommunene:

Ulstein, Hareid, Sande, Herøy, Vanylven, Ørsta, Volda, Stryn, Hornindal og Eid

KVAR ONSDAG - 24.000 eksemplar
(Rimelegaste alternativ)

Bestillingsfrist mandag

Regionavisa

Tlf: 70 00 96 60

Postboks 424, 6067 Ulsteinvik

epost: annonser@regionavisa.no

www.regionavisa.no



Torstein og Alina Fure frå Nordfjordeid vart foreldre då vesle Iselin kom til verda 7. november. Jenta vog 3470 gram og målte 51 cm



Ida (3) Johan (9) og Martin (12) fekk ei syster då vesle Anna kom til verda ved Volda sjukehus 7. november. Ho vog 4510 gram og målte heile 54 cm. Stolte foreldre er Gro og Paul-Egil Endal frå Ørsta.



Markus (4) fekk ei veslesyster fredag 9. november. Ho vog 3525 gram og målte 51 cm. Stolte foreldre er Ida Beate Teige og Andreas Moltubakk, busett i Herøy.



Gunn-Eli Ulvesæter Sandvik 66 år!
Vi vil gratulere den tøffaste sjefbestemorkua på Larsnes med dagen den 15. november.
Du veit: "Når man blir seksogseksti først da tar livet til..." Kjempesla i deg. Stooooore klemma frå Trym, Martine, Håkon, Emilie, Marie og døttrene med karane sine.



Vi gifta oss i Ørsta Kyrkje 01.09.12. Marianne Raudøy & Geir Olsen

FOTOGRAF MA

Velkomen til Moens Motell

på Fiskå v/fylkesveg 61

Møterom og selskapslokaler
Panoramautsikt. Camping-oppstillingsplass for bu-bilar og campingvogner

Rom frå
kr 350,- p-p
I dbl rom.
Alle med
dusj/wc



Tlf. 70 02 12 12 - 913 96 794



Vi gifta oss i Ørsta kyrkje 21.07.12, Ingeborg Tusvik Nupen og Jens Ingvarsson. Tusen takk til alle som var med å gjere bryllaupsdagen vår fantastisk!

FOTOGRAF MA

Bestill
JULEBORD
i dag

Vi tar imot store og små selskap.
Plass til ca. 200 personer.

Juletallerken
kr 299,-
*m/svineribbe, pinnekjøtt, mør, rabbesteppe, surkål/rodskål, kokt potet

Julebuffet
kr 349,-

Lutefisk
kr 339,-

Løvende musikk hver helg!

TAKE AWAY
Åpent dagl. 11.00-23.00
Fred./lørd. 11.00-02.30

Den Gamle Nabo Restaurant
Tlf. 70 01 62 00
www.dengamlenabo.no

N og næring amnn



Verto AS har hovedkontor på Eggesbønes i Fosnavåg. Fra venstre: Henning Karlsen, Lene Moen Karlsen, Roar Jønsson, Merethe Hjertø Flusund og Nils-Petter Solberg.

Bemanningsbyrå i vekst

Første halvår viste svært positive tall for det Fosnavåg-baserte bemanningsbyrået Verto Human Resources. – Vi er veldig fornøyd med at driftsresultatet har en vekst på 500% sammenlignet med samme periode i fjor, sier Henning Karlsen.

– Vi får stadig nye kunder gjennom anbefalinger fra eksisterende kunder. Dette tar vi som en stor tillitserklæring og en bekreftelse på at vi er på rett vei i oppbyggingen av Verto som organisasjon, forteller Karlsen.

Som nevnt i media tidligere i år, har Verto som eneste bemanningsbyrå i Norge fått samarbeidsavtale med Danmarks største fagforening 3F. 3F forteller at de har vært i kontakt med flere bemanningsbyrå i Norge, men har ikke vært fornøyd med vilkårene. Underavdelingen for håndverkere har om lag 400.000 medlemmer.

– Vi har mange danske tømrere i arbeid for øyeblikket, og tilbakemeldingene er veldig positive. Vi opplever svært positiv respons fra næringslivet på Sunnmøre på grunn av formidlingen av skandinavisk arbeidskraft. Likere arbeidsmoral og minimale språkproblemer er noen av fordelene.

Nytt datterselskap

I august tok Verto steget inn i den maritime bransjen gjennom oppstart av datterselskapet Verto Maritime Resources AS. Mange rederi har tatt kontakt siden oppstarten av Verto AS med behov for hjelp til å finne sjøfolk.

– Vi begynte tidlig å se oss om etter den rette personen til å lede en maritim bemanningsavdeling om vi skulle etablere oss i denne bransjen. Erfaring i bransjen og kjennskap til det maritime miljøet var avgjørende, og vi er strålende fornøyd med å få på plass Merethe Hjertø Flusund som daglig leder og medeier i Verto Maritime. Hun har nær 20 års erfaring fra maritim næring, og er i full gang med oppbygging av det nye selskapet.

Verto AS har også nylig fått på plass nye medarbeidere i administrasjonen både i Fosnavåg og Ålesund. Nils-Petter Solberg er administrasjonsleder og arbeider til daglig på Moa der Verto har avdelingskontor. I Fosnavåg er Lene Moen Karlsen på plass som kommunikasjons- og markedsansvarlig.

I høst er det to år siden oppstart av firmaet, og Henning Karlsen sier at å legge hovedkontoret til kystbyen Fosnavåg var et godt gjennomtenkt valg.

– Det sterke næringslivet her i havgapet er unikt, og det er enkelt å samarbeide med bedrifter fra hele Sunnmørsregionen, forteller Karlsen.

Levande om vikingtida

Anita Karlson er født i 1974 og oppvaksen i Gursken på Sunnmøre. Ho bur no i Oslo der ho arbeider som omsetjar. Levande vikingtid er hennar fyrste roman.

Ei gamal soge frå vikingtida fortel om ein gøymd skatt ein stad på Island. Er det berre ei soge, eller kan det tenkjast at skatten faktisk finst? Arbeidet med å setje saman leietrådene til kvar skatten skal vere gøymd, er både tidkrevjande og utfordrande. Levande vikingtid tek oss med på ei reise fram og tilbake i tida, der spora frå vikingtida snor seg gjennom hundreåra og heilt inn i vår tid.

Vi tek del i livet til Egil Skallagrimsson, som levde på 900-talet, og vi får sjå kva som eigentleg hende den gongen for over tusen år sidan. På 1200-talet har Snorre Sturlasson gjort ei skjebnesvanger oppdaging heime på garden sin, medan han skriv saga om Egil. Eit brutalt mord i dagens Reykjavik varslar at det er fleire som tek den gamle saga på alvor. Nokon er villig til å drepe for å få vite kvar skatten er ...



Statoil Fosnavåg er konkurs

KONKURS: Statoil Fosnavåg Servicestasjon på Eggesbønes.

Statoil Fosnavåg Servicestasjon på Eggesbønes i Herøy er konkurs.

23. oktober opna Søre Sunnmøre Tingrett konkurs i buet ved Statoilstasjonen på Eggesbønes. Butikkdrifta ved stasjonen skal

no vere i ei avsluttande fase og går no føre seg som panthvarsal av Sparebanken Møre. Drivstoffpumpene med betalingsautomat er framleis opne. Statoil Fuel & Retail Norge AS jobbar no med å få på plass ny drivar av stasjonen etter at tidlegare drivar sa opp franchiseavtalen sin med Statoil i mars i år.

– Vi ønskjer å byggje om stasjonen og arbeider no med å få på plass ny drivar av stasjonen, seier regionssjef i Statoil Fuel & Retail Norge AS, Ronny Fiskerstrand.

Tidlegare drivar har ingen kommentar på kvifor avtalen vart sagt opp.

TEKST OG FOTO: ROGER OLDEIDE



FRÅ VENSTRE: Corporate manager, Stephen J Hill, managing director David J Hill og trainee commercial manager Shirley Hill i Britoil, kort etter signering av papira.

ULSTEIN-design med gjennombrøt i Singapore

Reiarlaget Britoil Offshore Services Pte Ltd har inngått ein kontrakt på design og utstyrspakkar for to plattformforsyningskip av PX121-designen frå ULSTEIN.

Britoil, med base i Singapore, har ein flåte på 40 skip, hovudsakleg ankerhandteringsskip og lekterar. Dette vert Britoil sine første skip i PSV-marknaden. Selskapet har meir enn 25 års erfaring i skipsservice og transport. Det første skipet av denne designen frå ULSTEIN, 'Blue Fighter', blei levert frå Ulstein Verft tidlegare i år, og ei gruppe frå Britoil deltok på prøveturen til dette skipet.

– Britoil er ein ny kunde for ULSTEIN, seier visekonsernsjef Tore Ulstein i Ulstein Group. -

Vi er veldig glade for at selskapet no vel ULSTEIN sin design når dei tek steget inn i eit nytt marknadssegment. Vi har fått sær gode tilbakemeldingar på dei to PX121-skipa som til no er levert frå Ulstein Verft, og vi har stor tru på at Britoil vil oppleve at skipa blir kostnadseffektive og attraktive tilskott til flåten.

– Dette er eit gjennombrøt for ULSTEIN i søraust-Asia, og første gongen det vert bygd ULSTEIN-design i Indonesia. Kontrakten inkluderer ein omfattande utstyrspakke med design, engineeringstøtte og hovudutstyr (mellom anna generatorsett, DP-system (dynamisk posisjonering), propellar og thrusterar, FiFi-system (brannvern-utstyr) og lastehandteringssystem). I tillegg kjem ei stor kraft- og kontrollpakke som omfattar elektrisk framdriftssystem, integrert

